



# Kunnskapsoverføring om investering og ombygging til lausdrift

NIBIO RAPPORT | VOL. 9 | NR. 168 | 2023



Siri Johanne Langmo (NIBIO), Marie Henriksen Bogstad (NIBIO), Torbjørn Haukås (NIBIO), Randi Therese Garmo (TINE), Stine Grønmo Kischel (TINE) og Ken Morten Brørs (TINE).

Avdeling Driftsøkonomisk analyse, Divisjon kart og statistikk

**TITTEL/TITLE**

Kunnskapsoverføring om investering og ombygging til lausdrift

**FORFATTAR(AR)/AUTHOR(S)**

Siri Johanne Langmo (NIBIO), Marie Henriksen Bogstad (NIBIO), Torbjørn Haukås (NIBIO), Randi Therese Garmo (TINE), Stine Grønmo Kischel (TINE), Ken Morten Brørs (TINE).

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TILGANG/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
08.01.2024	9/168/2023	Open	53207	22/01295
ISBN:	ISSN:		ANTAL SIDER/ NO. OF PAGES:	ANTAL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:
978-82-17-03428-5	2464-1162		92	3

**OPPDRAKGJEGEVAR/EMPLOYER:**

Landbruksdirektoratet

**KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:**

Eline Kvamme Hagen

**STIKKORD/KEYWORDS:**

Investeringar, mjølkeproduksjon, lausdriftskrav  
Investment, milk production, loose housing

**FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:**

Landbruksøkonomi  
Agricultural Economics  
Farm Economics

**SAMANDRAG/SUMMARY:**

Den viktigaste faktoren for å lykkast med investering og ombygging til lausdrift er god planlegging. For små og mellomstore buskapar vil det vere viktig for bonden sjølv å «eige» sitt prosjekt i større grad enn ved nybygg. Rådgjevaren må da i større grad vere ein diskusjonspartnar for bonden. Målet vil vere å støtte bonden for slik å kunne finne den beste løysinga for garden og bonden sjølv, dette vil i stor grad gå på kva ressursar som er tilgjengeleg og bonden sin eigen interesse og kompetanse. Det vil vere viktig å gå nøy igjennom kva som kan bli valt frå eller kva som kan bli investert i på eit seinare tidspunkt, for slik å få ei lønnsam og god drift i heile driftsperioden til bonden.

TINE har observert kyr i fôringsliggebåsfjøs. Det er ingen forskjell på dyrevelferd og helse frå desse fjøsa samanlikna med andre lausdriftsfjøs. Viktige føresetnader for dette er at kyrne har lik og jamn tilgang på fôr heile døgnet, det må måkes/gjerast reint i husdyrarealet fleire gonger for dag og det må vere minst like mange båsplassar som kyr.

**LAND/COUNTRY:**

Norge

**GODKJEND /APPROVED**

Hildegunn Norheim

**PROSJEKTEIAR /PROJECT LEADER**

Siri Johanne Langmo

NAMN/NAME

NAMN/NAME



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

# Forord

Landbruksdirektoratet har tildelt nasjonale tilretteleggingsmidler til gjennomføring av prosjektet «Kunnskapsoverføring om investering og ombygging til lausdrift». Temaet for arbeidet har vært å samle kunnskap frå ulike prosjekt og næringa for å gjere det enklare å lykkes med å bygge om frå båsfjøs til lausdrift i mjølkeproduksjon

Vi vil takke Lars Erik Ruud for god informasjon om prosjektet og hjelp med kapittelet om Prosjekt Innlandsfjøset. Vi vil også takke Bjørn Gunnar Hansen i TINE for verdifulle innspel, Randi Therese Garmo, Stine Grønmo Kischel, Ken Morten Brørs og John Fløttum i TINE for godt samarbeid, og Knut Erik Ree i Norsk Landbruksrådgiving som har bidratt med fagkunnskap om bruk av tre frå eigen skog, og Per Olav Skjølberg som har skrive om gjødselkjellar til rapporten.

Til slutt vil vi takke Landbruksdirektoratet og kollegaene Helge Bonesmo og Geir-Harald Strand som har bidratt med verdifulle innspel og kvalitetssikring av rapporten.

Trondheim, 14.12.2023

Siri Johanne Langmo

# Innhold

1 Samandrag .....	9
2 Innleiing .....	11
2.1 Bakgrunn og behov for prosjektet.....	11
2.1.1 Bakgrunn .....	11
2.1.2 Mjølkeproduksjonen i Noreg i dag .....	12
2.1.3 Storleik på buskapar i ulike fylke.....	14
2.1.4 Forprosjektmidlar – Innovasjon Norge.....	16
2.2 Utfordringar for små og mellomstore bruk .....	17
2.2.1 Tilstandsvurdering av gjødselkjellar .....	17
2.2.2 Bruk av trevirke frå eigen skog .....	17
2.2.3 Arbeidstimar og mekaniseringsgrad .....	18
2.2.4 Maskinkostnader.....	20
2.3 Lovkrav .....	20
2.3.1 Beitekrav 2024 .....	20
2.3.2 Krav om kalvingsbinge 2024.....	21
2.3.3 Lausdriftskravet frå 2034 .....	21
2.3.4 Norsk standard for bygg og anlegg .....	21
2.4 Metode .....	22
2.4.1 Definisjon av ord og omgrep .....	22
2.4.2 Samanstilling av funn og erfaringar frå prosjekt.....	24
2.4.3 Kvalitative intervju .....	24
3 Kunnskap henta frå prosjekt på temaet «frå båsfjøs til lausdrift» .....	26
3.1 Prosjekt i Noreg .....	26
3.2 Oppdeling i fasar.....	26
3.2.1 Forprosjektet.....	26
3.2.2 Hovudprosjektet.....	26
3.3 Økonomi .....	27
3.3.1 Ressursar, motivasjon, målsetting og strategi .....	27
3.3.2 Økonomisk potensiale i produksjonen.....	28
3.3.3 Mekaniseringskostnader .....	28
3.4 Bygning – viktig tiltak for auka lønnsemd.....	29
3.5 Diskusjonsgrupper .....	29
3.6 Kommunen si rolle .....	29
4 Prosjekt Innlandsfjøset .....	31
4.1 Mål.....	31
4.2 Hovudutfordringa .....	31
4.3 Fjøsbygget.....	31
4.4 Bestillerkompetanse .....	32
4.5 Metodikk.....	32
4.5.1 Forprosjektverktøy .....	33
4.5.2 Verktøy for å velje frå (slutt å snakke tilval).....	34
4.5.3 Å bygge i fleire trinn .....	35

4.6 Standardiserte masseproduserte fjøs .....	37
4.7 Konsept for bygge- og motivasjonskurs .....	37
<b>5 Storfprosjektet Vestland.....</b>	<b>39</b>
5.1 Mål.....	39
5.2 Strategi og gjennomføring.....	39
5.3 Drivkrefter og organisering.....	40
5.4 Strukturutvikling.....	40
5.5 Rammevilkår.....	41
5.6 Råd til produsentane .....	41
5.7 Resultat av storfprosjektet .....	42
<b>6 Kvalitative data .....</b>	<b>43</b>
6.1 Korleis deltararne oppfattar situasjonen i landbruket.....	43
6.2 Utfordringar og barrierar ved omlegging til lausdrift og gjennomføring av byggeprosjekt .....	45
6.3 Kvifor lykkast nokon? Tiltak med positiv effekt på agronomi og økonomi.....	48
6.4 Vurdering av risiko og usikkerheit i prosjekt .....	51
<b>7 Prosjekt fôringsliggebås i TINE: En pilot med besøk i 8 besetninger og beskrivelse av disse</b>	
<b>52</b>	
7.1 Bakgrunn og beskrivelse.....	52
7.1.1 Bakgrunn .....	52
7.1.2 Beskrivelse av besetning og kyr på individnivå .....	52
7.1.3 Beskrivelse av fjøs med fôringsliggebås .....	54
7.2 Generelt om løsninger .....	55
7.3 Fire ulike løsninger .....	58
7.3.1 Løsning 1: To-rekker – ett fôrbrett – aktivitetsareal med rundgang og melkesystem ved fôrbrett.58	
7.3.2 Løsning 2: To-rekker – ett fôrbrett – aktivitetsareal med rundgang, melkesystem i tilbygg.....	59
7.3.3 Løsning 3: En-rekker – ett fôrbrett – aktivitetsareal uten rundgang .....	60
7.3.4 Løsning 3: En-rekker – to fôrbrett – aktivitetsareal uten rundgang.....	60
7.4 Resultat.....	63
7.4.1 Vurdering av dyrevelferden i besetningene med fôringsliggebås.....	63
7.4.2 Resultater på kategori-nivå .....	63
7.4.3 Forklaring og resultater på kriterie-nivå inndelt i tilhørende prinsipp.....	64
7.5 Oppsummering .....	69
<b>8 Diskusjon.....</b>	<b>71</b>
8.1 Viktige tiltak for at bonden skal lykkast.....	71
8.1.1 Planlegging, endring og drift .....	71
8.1.2 Arbeidstimar og tilgang på avløysar .....	72
8.1.3 Bruk av driftsplan og likviditetsbehov .....	72
<b>9 Konklusjonar .....</b>	<b>74</b>
9.1 Råd til gardbrukskarar, rådgivinga og forvaltninga .....	74
<b>10 Litteraturreferanse .....</b>	<b>76</b>

# Figurliste

Figur 2-1: Produsentar med meierileveranse til TINE i 2022 og som er medlem i kunkontrollen (Kjelde: TINE og Mimiro) .....	13
Figur 2-2: Tal bruk med ulik buskapsstorleik (kjelde: <a href="https://hotell.difi.no/?dataset=ldir/produksjon-og-avlosertilskudd/2022">https://hotell.difi.no/?dataset=ldir/produksjon-og-avlosertilskudd/2022</a> ) .....	15
Figur 2-3: Buskapsstorleik i fjellregionen (sjå vedlegg 3 for fullstendig liste over kommunar som inngår i fjellregionen for kvart fylke, kjelde: <a href="https://regionalanalyse.no/fjell">https://regionalanalyse.no/fjell</a> .) .....	16
Figur 2-4: Brutto mekaniseringskostnad, tala er nominelle (Kjelde: Driftsgranskingane i jordbruket, NIBIO))... ...	20
Figur 2-5: Illustrasjon av den kvalitative dataanalysen .....	25
Figur 4-1: Gjeldsgrense ved å bygge alt samtidig, eller å dele opp i fleire trinn – illustrasjon frå rekneark nytta i Innlandsfjøs-prosjektet. Y-aksen viser gjeld i kroner, x-aksen viser tal terminar. ....	36
Figur 7-1: Ulike vannkar påvirker trafikken på ulik måte .....	57
Figur 7-2: Løsning 1: To-rekker med ett forbrett i midten .....	58
Figur 7-3: Løsning 2 To-rekker med melkesystem i tilbygg .....	59
Figur 7-4: En-rekker med ett forbrett uten rundgang.....	60
Figur 7-5: En-rekker med to forbrett uten rundgang.....	60
Figur 7-6: Resultatene for besetningene 1-8 i Fôringsliggebås-prosjektet med gjennomsnittet for Kutrivsel-prosjektet som referanse for kriteriene 1 og 2 med poengsum fra 0-100 der 100 er best.....	64
Figur 7-7: Resultatene for besetningene 1-8 i Fôringsliggebås-prosjektet med gjennomsnittet for Kutrivsel-prosjektet som referanse for kriteriene 3 og 5 med poengsum fra 0-100 der 100 er best.....	65
Figur 7-8: Resultatene for besetningene 1-8 i Fôringsliggebås-prosjektet med gjennomsnitt for Kutrivsel-prosjektet som referanse for kriteriene 6,7 og 8 med poengsum fra 0-100 der 100 er best.....	66
Figur 7-9: Resultatene for besetningene 1-8 i Fôringsliggebåsprosjektet med gjennomsnittet for Kutrivsel-prosjektet som referanse for kriteriene 9, 10, 11 og 12 med poengsum fra 0-100 der 100 er best.....	67
Figur 7-10: Gjennomsnitt for Fôringsliggebåsprosjektet og Kutrivsel-prosjektet på kriterienivå med poengsum fra 0-100 der 100 er best score. Grensesnitt er 50 poeng der score under 50 kan tyde på dårlig dyrevelferd... ...	68

# Tabelliste

Tabell 2.1: Prisendring maskiner og reiskap. Prosent (Kjelde: Totalkalkylen, NIBIO).....	20
Tabell 7.1: Oversikt og utforming av fjøs med fôringsliggebås.....	53
Tabell 7.2: Vurdering av kyr i de 8 besetningen med antall kyr med hårløse parti, halthet, møkk på pipe, lår og jur og celletall. Resultat fra Kutrvsel-prosjektet nederste linje for sammenlikning .....	54
Tabell 7.3: Resultater på kategorinivå for Fôringsliggebås-prosjektet med Kutrvsel-prosjektet som referanse.	63

## Liste over vedlegg

Vedlegg 1: Betongskader i landbrukets gjødselkjellarar .....	78
Vedlegg 2: Forprosjektverktøyet.....	87
Vedlegg 3: Kommunar i «Fjellregionen» .....	91

# 1 Samandrag

Målet med prosjektet kunnskapsoverføring frå båsfjøs til lausdriftsfjøs er å samle kunnskap om kva som skal til for å lykkast i overgangen frå bås- til lausdrift.

God planlegging er utan tvil nøkkelen til å lykkast, og dette temaet går igjen både i prosjekta vi har undersøkt og i intervjuet vi har gjennomført. Den største skilnaden på eit større bruk som vil bygge ny fjøs, og eit mindre bruk, er at eit mindre bruk må snu kvar krone i større grad for å få lønnsemd i prosjektet. Målet er å ha ein produksjon som gir ei grei timebetaling dei timane det blir arbeidd på garden.

I ein prosess der ein skal finne den løysinga som vil gje best lønnsemd, er det ikkje enkelt å kome til garden som rådgjevar. Det er nærmest umogleg for ein rådgjevar å vere ekspert på slike mindre bruk som må finne kompromiss og alternative løysingar for å få eit godt økonomisk prosjekt. Rådgjevaren må i staden vere ein sparringpartnar, og med kunnskapen sin hjelpe bonden til både å få «bestillerkompetanse» og samtidig utvikle eit prosjekt som vil gje ein langsigtig og god mjølkeproduksjon på garden.

Bestillerkompetane er eit nøkkelord i denne samanhengen, og da er det viktig å forstå kva det betyr. Bonden må tilegne seg kompetanse sjølv når det gjeld å finne ei løysing som passar på garden, med hjelp av rådgjevar. «Bestillerkompetansen» kan kome frå sparring bonden har vore igjennom med byggrådgjevar eller rådgjevar hos Innovasjon Norge. Målet er å sitte med eit konkret forslag til ei skisse av den framtidige fjøset. Dette kan ikkje vere eit luftslott, men må vere ei realistisk teikning som vil gje ei lønnsam drift, og som tek omsyn til vidare investeringar i framtida. Samtidig handlar bestillerkompetanse om å forstå kva slags følgjer investeringa vil få i framtida både når det gjeld økonomi og arbeidstimer. Det handlar også om å ha kunnskap til å sjå løysingar i planleggingsfasen som kan gjere produksjonen meir lønnsam, men også å sjå løysingar etter bygging som opprettheld god økonomi – for eksempel å samarbeide med naboar om å kjøpe maskiner, eller det å ta mekaniseringsinvesteringar i fleire trinn. Kompetansen som må til, handlar også om å forstå at det i den økonomiske planlegginga ved produksjon av driftsplan er lagt nokre føresetnader som er viktig å følgje, som kvotefylling og kroner investert i anna mekanisering dei neste fem åra. Det handlar om å vere medviten når det gjeld kva det vil seie for økonomien og kva følgjer det elles har om ikkje måla i driftsplanen blir nådd og korleis det kan løysast på best mogleg måte. Og dette er tankar som må vere grunna på før investering, slik at bonden er klar den dagen utfordinga kjem.

I den kvalitative analysen i prosjektet er det gjennomført fleire intervju. Desse er supplert med intervjudata frå prosjektet «Utredning av bygkekostnader og kapital for investering i driftsbygningar i landbruket»(Bogstad m.fl., 2023), som også er finansiert av dei nasjonale tilretteleggingsmidlane. Analysen har skilt ut nokre suksessfaktorar for omstilling til lausdrift. Det må vere god lønnsemd i produksjonen, og investeringa kan ikkje vere så stor og krevjande at det ikkje er økonomi i produksjonen etter utbygging. Andre viktige føresetnader for bonden er motivasjon, interesse og kompetanse. Også prosjektet Innlandsfjøset tek for seg dette ved å sette fokus på forretningsida og ressursavklaring. Forretningsidé handlar om at ein skal vere klar på kva som er drivkrafta eller motivasjonen hos bonden. Dette vil vere med å avgjere kva ein skal satse på som bonde, og er noko ein må hugse på når ein står i ein travl planleggingsperiode. Kompetanse er også vesentleg og ein viktig ressurs for bonden, ein må drive godt for å drive lønnsamt. I byggeperioden er viktige suksesskriterium god byggeleiing, samarbeid og oppfølging. Eigeninnsats etter evne og det å ikkje slite seg ut på byggeprosessen blir også understreka av fleire. Til sist er langsiktig planlegging viktig. Det å reflektere over framtida og sjå kvar potensialet i drifta er.

I prosjektet har TINE hatt eit pilotprosjekt i åtte buskapar der dei har sett på fôringsliggebås og samanliknar dyrevelferd og kvalitet med Kutrvselprosjektet (Barry m.fl., 2023), og Welfare Quality® Assessment protocol for cattle (2009). Dei finn at fôringsliggebås ikkje er noko därlegare løysing enn

andre lausdriftsfjøs, men det er nokre viktige føresetnader som ligg til grunn der drift og røktar er særskilt viktig. Utföring av grovför må gjerast til alle fôringsliggebåsane på same tid, med för av lik kvalitet. Det må vere för på alle liggebåsane jamt gjennom døgnet for å unngå blant anna jaging. Det må vere minst ein fôringsliggebås per ku. Kutta grovför vil gje mindre försøl, mens fôringsliggebås vil gje meir försøl enn andre løysingar. Dette krev at røktaren ofte er ute og reinskar både før og gjødsel. Ofte reinsking av båsane vil også gjere at ein opprettheld celletal og jurhelse på same nivå som i andre lausdriftsfjøs. Men her er det enno noko å gå på når det gjeld forbetring. Dei har i prosjektet også sett at ekstra liggebåsar utan førtilgang er populære blant kyrne, og at kløbørste var eit fint tiltak for trivsel og reinhald.

I jordbruksavtalen 2022-2023 blei den maksimal tilskotsatsen auka frå 35 til 40 prosent, og øvre grense for tilskot blei satt til 3,5 mill. kroner per prosjekt (Innovasjon Norge, 2023; Jordbruksavtalen 2022-2023). For Troms og Finnmark er det ikkje tak på tilskotet. Frå juli 2023 er satsen endra til 5 mill., og utvida til 5,4 mill. dersom ein bygger i tre. Innovasjon Norge har endra på søknadsprosessen slik at bonden tidleg kan legge inn ein foreløpig søknad i portalen hos Innovasjon Norge og starte ein dialog med Innovasjon Norge. Slik kan rådgjevarar hos Innovasjon Norge rettleie og sparre med bonden, for at prosjektet skal bli så bra som mogleg. I tillegg er det mogleg å söke om ressursavklaringsmidlar fra Innovasjon Norge der bonden kan få opp til kroner 100 000, for å kunne gjennomføre ein god prosess i forkant av prosjektet, inkludert det å kartlegge status på eksisterande bygningar på garden.

Det å kartlegge status på eksisterande bygg er eit viktig grunnlag for ein byggeprosess. Det er derfor skrive eit avsnitt om gjødselkjellar i rapporten, samt ein fyldigare del som vedlegg.

Prosjekt Innlandsfjøset er det prosjektet som har sett mest på tiltak for å hjelpe desse små og mellomstore brukar til å ta skrittet for å legge om frå bås til lausdrift. Prosjektet har utvikla Innlandsfjøs metodikken i samspel med andre prosjekt i Innlandet som «Laus ku og Framtidstru», og «Fjøsløftet 2034». Bestillerkompetanse er eit ord som prosjektleiar Lars Erik Ruud trekker fram. Prosjekt Innlandsfjøset har jobba på mange felt, og har fleire forslag til kva som kan bidra for å gje desse mindre brukar ein lønnsam produksjon etter utbygging. God planlegging er sentralt, å utarbeide ein forretningsidé, kartlegge ressursar, og sette ei kostnadsgrense tidleg. Langsiktig planlegging og trinnvis utbygging er viktig for å ikkje få for høg totalgjeld. Det å slutte å snakke tilval, men heller snakke om fråval. Det er ikkje husdyrarealet ein skal spare inn på, og heller ikkje der ein skal vente med å investere, men det kan vere at ein kan spare inn på areal som kontor, garderobe, breie forbrett, bygning til sinkyr og ungdyr, fôrrom og investeringar i mekanisering. Prosjekt Innlandsfjøset har også arbeidd mot leverandørar for å utvikle standardiserte masseproduserte fjøs, for slik å få ned prisene.

Prosjekt Innlandsfjøset tenker også framover. Dei ser at det er viktig å ta vare på opparbeidd kunnskap frå desse prosjekta. Det handlar om å vere tilgjengeleg på tvers av organisasjonar og samtidig nå ut nasjonalt da det er eit stort behov for nasjonal mobilisering. Dei ser derfor behovet for å ha eit nasjonalt «kunnskaps- og pådrivarhub» som tek initiativ til både nasjonale og regionale tiltak, der NLR, TINE, IN og førstelinja stiller med kvar sin representant i eit forum som held tematikken «varm», oppdaterer og spreier kunnskap og driv med leverandørutvikling med meir.

Storfeprosjektet i Vestland har ein litt annan filosofi. Dei meiner at det er viktig å bygge framtidsretta slik at det vert attraktivt å ta over bruket for ein ny generasjon. God dyrevelferd og godt arbeidsmiljø for bonden vert sterkt vektlagt. I storfeprosjektet er det lagt opp til at ein bør vente med bygging til ein har tilstrekkeleg ressursgrunnlag eller at dei økonomiske rammene tillèt framtidsretta bygg.

## 2 Innleiing

### 2.1 Bakgrunn og behov for prosjektet

Dei siste åra er det gjennomført fleire prosjekt rundt om i landet med mål om å gje råd og støtte til mjølkeprodusentar som må legge om frå båsfjøs til lausdrift, for slik å møte nye krav i 2024 om omsorgsbinge og auka mosjonskrav, og lausdriftskrav i 2034. Primærleddet i mjøkeproduksjonen i Noreg er inne i ei stor strukturendring; det blir færre og større bruk. Dersom ein ønsker å sikre busetnad i distrikta, oppretthalde storleiken på kompetansemiljø og halde mest mogleg av jorda i hevd, er det viktig å ta vare på dei som er igjen. I enkelte prosjekt som «Prosjekt Innlandsfjøset» har det vore spesiell merksemd på å finne tiltak, for bruk under 30 kyr, som gir lønnsemid også etter investering. I prosjektet «Kunnskapsoverføring frå båsfjøs til lausdrift» er målet vårt å samanfatte og vurdere erfaringar og funn frå dei gjennomførde prosjekta, og sjå på korleis desse kan brukast irådgivingsapparatet og forvaltninga slik at ein oppnår meir økonomisk berekraftige investeringar i lausdriftsfjøs.

Landbruksdirektoratet liste ut midlar til prosjektet etter jordbruksoppgjernet 2022, med ønske om at både rådgivingsapparatet og Innovasjon Norge skal ta ei meir aktiv sparringsrolle i forbindelse med investeringsprosjekta. I Prop. 120 S står det slik: «Kunnskap og erfaringer fra prosjekter som «Innlandsfjøset» bør utnyttes og spres i rådgivingsapparatet» (Prop. 120 S (2021-2022), s. 88).

Vi ønsker å sjå på kva tiltak som har gitt positiv økonomisk og agronomisk verknad for produsentane, og kvifor desse har lykkast. I dette prosjektet vil vi også sjå på i kor stor grad det er tatt høgde for usikkerheit og risiko i planlegginga, for eksempel knytt til renteauke.

Når ein skal bygge om frå båsfjøs til lausdrift og ønsker å ta i bruk eksisterande fjøs for slik å skape ein lønnsam produksjon, er det viktig å vere bevisst på kva konsekvensar det kan få. I prosjektet har derfor TINE hatt ein eigen studie der dei har sett på fôringssliggebås hos åtte ulike produsentar, for å sjå korleis dette påverkar dyrevelferd og produktkvalitet.

I prosjektet har vi sett at bonden treng å ta eit større eigarskap til sitt eige prosjekt, og vi har derfor hatt fokus på produsenten, i tillegg til rådgivingsapparatet og forvaltning når vi har sett på kva erfaringar som bidreg til meir økonomiske berekraftige investeringar i lausdriftsfjøs.

#### 2.1.1 Bakgrunn

Sjølv om 49 prosent av buskapane registrert i TINE sin Ku- og Geitekontroll i dag er i båsfjøs, er det berre 28,7 prosent av mjølkeyrne og 26,4 prosent av mjølka som blir levert, som kjem frå desse buskapane (TINE 2023). Det er i all hovudsak bruk med små buskapar som ikkje har bygd om, og som kanskje vurderer om dei skal gjere investeringa eller ikkje. Kravet om overgang frå båsfjøs til lausdrift er grunngjeve med auka dyrevelferd. Dyrevelferd i lausdriftsfjøs er sterkt knytt til areal per dyr, samt utforminga av fjøset. Ei moglegheit for å la kyrne gå i lausdrift utan å auke arealet i stor grad, er å bygge om båsfjøs til lausdriftsfjøs med fôringssliggebås, det vil seie at kua ligg og et på same bås men kan bevege seg rundt i fjøset. I Noreg og resten av verda er det stort sett bygt løysingar med eigne liggebåsavdelingar med fleire rekker liggebåsar og eteplassar ved forbrettet. Desse løysingane krev ein del meir areal enn fjøs med fôringssliggebås. Dei har dermed meir areal pr dyr, noko som normalt vert sett på som positivt for dyrevelferda.

I 2022 gjennomførte TINE ei spørjeundersøking om mjølkeprodusentane sine framtidsplanar. 58,5 prosent av medlemmene i TINE i Vestland hadde kvotestørleik under 150 000 liter, og tilsvarande tal for fylka Agder, Innlandet og Møre og Romsdal er høvesvis 57,2 prosent, 51,5 prosent og 43,2 prosent. Bruka i desse storleiksgruppene som har mykje å seie for å nå det landbrukspolitiske målet om landbruk i heile landet, har også ein høg del båsfjøs. Om vi skal ha landbruk i heile landet framover, blir det viktig

å finne løysingar slik at desse gruppene kan fornye driftsbygningane sine på ein måte som sikrar god dyrehelse og god mjølkekvalitet samt godt arbeidsmiljø for bonden.


I prosjektet «Fra bås til løsdrift i Troms og Finnmark» blei det presentert fleire gode grunner for å ta vare på driftseiningane: jordvern for framtida, matvaresikkerheit, ope kulturlandskap, levande bygder og økonomi for bonden. Klimaendringar og uro i verda viser at det er viktig at vi held jorda i hevd og kan produsere mat over heile landet. Det å halde opp eit ope kulturlandskap blir av mange sett på som veldig verdifullt og eit premiss for norsk identitet, og for Noreg som reisemål både for norske og utanlandske turistar. Landbruket er viktig for å ha levande bygder. Sterke fagmiljø lokalt er ein føresetnad for vidare utvikling av norsk landbruk, ein kan slik dra vekslar på erfaringane til kvarandre og legge grunnlag for produksjon av ny kunnskap og utvikling av nye idear. I utkantdistrikta er ofte bønder og deira familie ein nøkkelfaktor for å oppretthalde bu-lyst og oppvekstmiljø i bygda. Et svakt jordvern kan i marginale område føre til sosial, kulturell og økonomisk stagnasjon og fråflytting.

Små og mellomstore bruk er spreidde rundt om i heile Noreg og utgjer enno over halvparten av føretaka. Desse brukha har verken funne økonomisk grunnlag for å bygge ut eller å investere i lausdrift fram til no. Mjølkeproduksjon i båsfjøs er ein rasjonell produksjon, der kvart dyr får det føret det skal ha utan nokon særleg bruk av automatiserte løysingar. I tillegg til å produsere mjølk og kjøt, bidreg mindre mjølkebruk til å oppretthalde produksjon på areal som er därleg arrondert med skifte som er spreidde rundt om i bygda. Desse skifta er gjerne små, bratte og vanskeleg tilgjengelege. Ved overgang til større bruk ser ein at slikt därleg arrondert areal ofte går ut av produksjon, eller blir brukt til beite, fordi dei er for tungdrivne for dei store brukha. Dei store brukha er avhengige av å ha høg kapasitet på maskinene for å rekke over alt, og har ikkje same moglegheit til å drive små skifte. Når mjølkeyrne forlèt bruket, går også talet for ungdyr av storfe og grasareal ned (Landrø m.fl., 2022). Dei små og mellomstore brukha er ein viktig del av fagmiljøet blant mjølkeprodusentane og er med å opprettheld produksjonsmiljøet i små bygder rundt omkring i Noreg. Gardbrukskarane er viktige for bygda elles, ikkje berre ved å oppretthalde eit vakkert kulturlandskap, men dei får også inntekter frå tilleggsnæringar som snøbrøyting, vedproduksjon, «Inn på tunet» med meir. Dei små har moglegheit til å kombinere produksjonen med andre inntekter, og har ein fleksibilitet til å bidra på andre område og i andre næringar i bygda. Å legge om til andre produksjonar er ikkje alltid like aktuelt, fordi produksjonar som ammeku og sau krev større areal og dyretal for å gje same tal årsverk og inntekt som mjølkeproduksjon.

## 2.1.2 Mjølkeproduksjonen i Noreg i dag

Jordbrukssteljinga i 2020 viste at det var i alt 7 145 jordbruksføretak med dyreplassar for mjølkeku. Føretaka fordelte seg på 57 prosent med båsfjøs, 46 prosent med lausdriftsfjøs og 1 prosent med anna husdyrrom og utegang.

## Jordbruksbedrifter med mjølkeku med båsfjøs eller lausdrift, 2022



**Figur 2-1: Produsentar med meierileveranse til TINE i 2022 og som er medlem i kunkontrollen (Kjelde: TINE og Mimiro)**

Figur 2-1 viser tala frå 2022 for mjølkeprodusentar som er medlemmar i kunkontrollen. Totalt 6 255 bruk, 50,5 prosent av brukna har lausdrift, og 49 prosent har båsdrift. Driftsforma for resten er ukjent.

Det er 327 000 dekar dyrka jord i Troms og Finnmark. Dette utgjer omlag 0,7 prosent av det totale landarealet i fylket. Det arktiske klimaet avgrensar produksjonsmoglegheitene, men gir også fortrinn som færre plager med ugras og skadedyr. I Troms og Finnmark var samla verdiskaping frå mjølkeproduksjonen kr 303 mill. (Knutsen m.fl., 2022). 235 føretak driv med mjølkeproduksjon i mars 2023 (SSB, 2023b), og 117 av desse driv framleis i båsfjøs (Figur 2-1). I mars 2023 var 145 av brukna mellom 0-30 årskyr (<https://hotell.difi.no/?dataset=ldir/produksjon-og-avlosertilskudd/2023>). Ei årsak til at brukna ikkje er «store», er blant anna topografiens i fylket, og utfordringa med tilgang til jordbruksareal i nærleiken av garden. Troms og Finnmark toppar statistikken i Noreg når det gjeld kor stor del leigejorda utgjer av arealet, med 62 prosent leigejord (SSB, 2021b). Usikkerheit i arealgrunnlag gjer det vanskeleg å planlegge for investeringar i drifta. Det kan ofte vere jord i nærleiken, men det kan vere vanskeleg tilgjengeleg eller det kan vere vanskeleg å få langsiktige kontraktar. Balsfjord kommune har høgast verdiskaping i mjølkeproduksjon i Troms med 41,9 mill. kroner. I Finnmark er det Alta og Tana som er kommunane med høgast verdiskaping i mjølkeproduksjon (Knutsen m.fl., 2020).

Samla verdiskaping frå mjølkeproduksjon på ku og geit i Nordland var kr 595 mill. i 2018. I Nordland var det 481 mjølkebruk i mars 2020, og 435 i mars 2023 (SSB, 2023b), ein kraftig nedgang frå 2015 da det var 627 bruk. 57 prosent av mjølkebruka har under 30 kyr. Kombinasjonen av nedgang i tal mjølkebruk, og redusert bruk av beite- og grasressursar var ei viktig årsak til prosjektet «Velg melk Nordland».

I Trøndelag stod verdiskapinga frå mjølkeproduksjon for 1,7 milliardar kroner (bruttoprodukt) i 2021 (Sand m.fl., 2023). Det er ein reduksjon på 15 prosent frå 2015. Det har vore ein nedgang på 405 søkjavarar og 6 788 kyr frå 2015, men mjølkeleveransen i fylket har auka. I 2021 var det 567 mjølkebruk som hadde driftsbygning med båsfjøs i Trøndelag (Landrø m.fl., 2022). I mars 2023 er det 1 269 føretak som produserer mjølk (SSB, 2023b), 478 av desse i båsfjøs (TINE og Mimiro).

Verdiskaping frå ku i Møre og Romsdal var på 664,8 mill. kroner i 2020, dette er 54 mill. kroner mindre enn i 2010 rekna i faste 2020-kroner (Knutsen m.fl., 2022a). Hustadvika er størst med ei verdiskaping på 118 mill. kroner. Føretak med mjølkeku er redusert frå 822 bruk i 2015 til 586 bruk med

mjølkeproduksjon i 2023 (SSB, 2023b). Frå 2000 og fram til 2019 har meir enn 75 000 daa, tilsvarende 12 prosent av jordbruksarealet i Møre og Romsdal gått ut av drift (SSB, 2023a).

I Vestland er det 983 mjølkeprodusentar (SSB, 2023b). Vestland er eit stort landbruksfylke kjenneteikna av variert bruksstruktur. Heile 98 prosent av arealet blir brukt til grovfôrproduksjon. Hordaland og Sogn og fjordane har til saman 830 000 dekar jordbruksareal i aktiv drift. Av dette er 54 prosent fulldyrka, 9 prosent overflatedyrka og 37 prosent innmarksbeite. Vestland har mykje bratt areal det er vanskeleg å drifte med større reiskap, og det mest utfordrande arealet går difor ut av drift eller vert tatt i bruk som beite. Det er framleis båsfjøs på 70 prosent av føretaka (Handlingsplan Vestland, 2022). Verdiskaping (bruttoprodukt) frå mjølkeproduksjon er kalkulert til 937 mill. kroner for Vestland for 2020. Sunnfjord kommune er kommunen med høgast verdiskaping i mjølkeproduksjon med 142,9 mill. kroner (Knutsen m.fl., 2022b).

I Rogaland var verdiskapinga frå mjølkeproduksjon på 1 335 mill. kroner i 2017, der Jæren er størst med 824,3 mill. kroner (Knutsen m.fl. (2019)). Jæren omfattar det låge, flate kystområdet sør for Boknafjorden og inneheld 8 kommunar: Hå, Klepp, Time, Sola, Gjesdal, Sandnes, Stavanger og Randaberg. I mars 2023 var det totalt 1024 føretak med mjølkeproduksjon i Rogaland, en nedgang på 262 bruk frå 2015 (SSB, 2023b).

Mjølkeproduksjon i Telemark hadde ei verdiskaping på 82 mill. kroner målt som bruttoprodukt i 2015. Dette er ei auke på 14 prosent frå 2011. Den største verdiskapinga er i Skien med 13,7 mill. kroner og i Hjartdal med 9,2 mill. kroner (Knutsen m.fl., 2017). I 2023 er det 126 føretak med mjølkeproduksjon i Telemark og Vestfold, en nedgang på 39 bruk frå 2015 (SSB, 2023b).


I Agder er det 263 føretak med mjølkekry i 2023, en nedgang på 84 bruk sidan 2015. Lyngdal og Lindesnes er kommunane med flest mjølkebruk (<https://hotell.difi.no/?dataset=ldir/produksjon-og-avlosertilskudd/2023>).

Innlandet er det nest største fylket når det gjeld tal føretak med mjølkeproduksjon, med 1226 føretak (SSB, 2023b). I områda Trysil/ Engerdal og Valdres samt enkeltkommunar i Gudbrandsdalen har ein stor del båsfjøs. Elles er uttyning av familjø ei utfordring alle stader der det blir få mjølkeprodusentar (Innlandet Fylkeskommune, 2022). Gausdal og Ringsaker er kommunane med flest mjølkebruk.

Oslo og Viken har 352 mjølkeprodusentar, i 2015 var same tal 144 bruk i Østfold, 131 bruk i Oslo og Akershus og 195 bruk i Buskerud, totalt 470 bruk (SSB, 2023b).

### 2.1.3 Storleik på buskapar i ulike fylke

Med utgangspunkt i søknad om produksjonstilskot 2022, har vi laga ei grafisk oversikt over korleis strukturen er i ulike fylke i Noreg når det gjeld buskapsstorleik, sjå Figur 2-2. Buskapane er delte opp i 5 kategoriar: Frå 0 til 15 kyr, frå 15,1 til 30 kyr, frå 30,1 til 45 kyr, frå 45,1 til 60 kyr og over 60 kyr.



**Figur 2-2: Tal bruk med ulik buskapsstorleik (kjelde: <https://hotell.difi.no/?dataset=ldir/produksjon-og-avlosertilskudd/2022>)**

Flatbygdene i Vestfold og Telemark, Viken og Innlandet er kjenneteikna av fleire store bruk, totalt er det 476 bruk i desse områda.

I andre bygder Vestfold og Telemark, og Viken er det totalt 222 bruk. I Vestfold og Telemark har 54 prosent av desse bruka 15 eller færre kyr, der kommunane Hjartdal og Tinn har flest mjølkebruk. I Viken er det Gol, Ål og Hemsedal som har flest mjølkebruk. 30 prosent av bruka har 15 eller færre kyr i Viken.

I Finnmark er det flest bruk i dei store kommunane Alta, Tana og Sør-Varanger, av totalt 8 kommunar. I fire av kommunane er det færre enn fem bruk igjen.

I Troms er Balsfjord størst med 46 bruk. Av totalt 16 kommunar med mjølkebruk, har 8 kommunar 5 eller færre bruk.

I Agder er det 24 kommunar med mjølkeproduksjon. 10 av desse kommunane har 5 eller færre bruk igjen. Dei største kommunane når det gjeld tall mjølkeforetak, er Farsund, Lindesnes og Lyngdal. I Lindesnes er det 40 bruk, 21 av desse har 15 eller færre kyr. I Lyngdal er det totalt 43 bruk, 17 av desse har 15 eller færre kyr.

På Jæren er det totalt 602 bruk. Her er det 30 bruk med 15 eller færre kyr, 188 bruk med 15-30 kyr, 145 bruk med 30-45 kyr, 134 bruk med 45-60 kyr og 105 bruk med over 60 kyr.

I Nordland er det Steigen og Sømna som har flest bruk. 10 kommunar har 5 eller færre bruk, av totalt 37 kommunar.

I Rogaland utanom Jæren er Vindafjord med 100 bruk og Bjerkreim med 82 bruk dei største kommunane når det gjeld tal mjølkebruk. Suldal med totalt 32 bruk og Tysvær med totalt 47 bruk, i tillegg til Vindafjord er kommunane med flest bruk med 15 kyr eller færre. 61 prosent av bruka i dette området har frå 0-30 kyr i buskapsstorleik.


I Hordaland er det Alver, Kvinnherad, Ullensvang og Voss der ein større del av bruka har 15 kyr eller færre. Alver, Kvinnherad og Voss er kommunane med flest mjølkebruk her.

I Møre og Romsdal har Hustadvika, Volda, Ørsta, Molde og Surnadal det største talet på mjølkebruk. Av desse er det Volda og Ørsta som har flest bruk med 15 eller færre kyr.

Vestlandet er kjenneteikna av mange mindre bruk. I Sogn og Fjordane ligg dei fleste av desse brukna i Sogndal, Luster, Askvoll, Fjaler, Stryn, Sunnfjord og Gloppen. Dei tre sistnemnde (Stryn, Sunnfjord og Gloppen) er også dei med flest mjølkebruk.

Trøndelag inneholder både flatbygder langs Trondheimsfjorden, små bruk nedover langs kysten og gardar innover i fjellregion. Store kommunar som Steinkjer, Namsos og Midtre Gauldal har mange mjølkebruk. Langs kysten ligg Åfjord, Heim, Indre Fosen og Nærøysund og er også kjenneteikna av mykje mjølk. Dei fleste mindre brukna ligg i fjellregionen og langs kysten, men også Steinkjer og Stjørdal har 10 bruk kvar med 15 eller færre kyr. Kommunane er store og varierte når det gjeld geografi, og har både flatt åkerlandskap langs fjorden og mindre skifte i dalføra innover.

I Innlandet har Gausdal, Lom, Nord-Aurdal, Ringebu, Tynset alle meir enn 50 føretak med mjølkeproduksjon. Valdres inngår i Innlandet andre bygder. Dette er eit område med mange mindre bruk. 87 bruk har 15 eller færre kyr, 86 bruk har mellom 15-30 kyr, 15 bruk har mellom 30-45 kyr og det er 7 bruk både i kategorien 45-60 kyr og over 60 kyr. Totalt er det 202 mjøklebruk i Valdres i 2022.



**Figur 2-3: Buskapsstørleik i fjellregionen (sjå vedlegg 3 for fullstendig liste over kommunar som inngår i fjellregionen for kvart fylke, kjelde: <https://regionalanalyse.no/fjell>.)**

For 81 av kommunane som har mjølkeproduksjon, utgjer fjellområda meir enn halvparten av arealet i kommunen, eller kommunen har særleg høg tilknyting til fjellområde. Desse kommunane inngår i det vi kallar «Fjellregionen». Her er det totalt 2074 bruk med mjølkeproduksjon. 578 bruk har 15 kyr eller færre og 855 bruk har mellom 15-30 kyr. Dette utgjer 69 prosent av bruken i fjellregionen.

## 2.1.4 Forprosjektmidlar – Innovasjon Norge

Innovasjon Norge har frå 2023 noko som heiter «ressursavklaringsmidlar», dei er særleg retta mot små og mellomstore bruk som må tilpasse seg lausdriftskravet. Det kan bli gitt inntil 100 prosent tilskott av eksterne kostnader avgrensa 100 000 kroner.

Ressursavklaringsmidlane skal brukast til å gjere ei grundig planlegging i forkant, før ein lagar driftsplan og teikningar. I første omgang å kartlegge familiens mål og ønske med drifta, deretter å avklare ressursar på garden, det kan vere areal, kvote, bygningar, maskiner, og menneskelege ressursar, kompetanse og interessefelt hos brukarfamilien. Midlane kan også brukast til å kartlegge investeringsomfanget bruket kan makte for å sikre økonomisk berekraft for ulike driftsalternativ. Kartlegging av eksisterande bygningsmasse er også aktuelt, her under som grunnlag for eventuell trinnvis utvikling og utbygging. Maksimal sum gjeld spesielt brukna som har mått gjennomført omfattande bygningsmessige undersøkingar på eksisterande bygningsmasse (Innovasjon Norge, 2023).

Innovasjon Norge oppfordrar no bøndene som skal søke, om å logge inn på IN sin søkerportal tidleg, og gjerne starte ein dialog med ein rådgjevar der gjennom å sende inn eit kort skjema. Da kan du «sparre» om ditt eige prosjekt på «Min side».

## 2.2 Utfordringar for små og mellomstore bruk

### 2.2.1 Tilstandsvurdering av gjødselkjellar

I samband med overgang frå bås- til lausdriftsfjøs viser kalkylar at investeringskostnaden kan reduserast til nær det halve av prisen for nybygg dersom ein kan bygge om og gjenbruка eit eksisterande båsfjøs (Halland m.fl., 2021). Da er det viktig å kartlegge eksisterande bygningsmasse grundig. Det gjeld spesielt gjødselkjellarar. Dette er eit samandrag av Vedlegg 1: «Betongskader i landbrukets gjødselkjellarar», skrive av Per Olav Skjølberg. I vedlegget er det sett lys på kva ein må ta høgde for når ein vil utnytte eksisterande gjødselkjellarar, også med tanke på sikkerheit.

Alle konstruksjonar vert svekka over tid og treng tilsyn, vedlikehald og reparasjoner. Ved planlegging av framtidig investering er det viktig å på førehand kartlegge tilstanden til konstruksjonane i kjellaren, og ta med kostnaden til reparasjonen i investeringsbudsjettet, eller konkludere med at kjellaren har levd levetida si, og at det ikkje er verdt å ta kostnaden ved å reparere den. For ei undersøking av tilstanden til gjødselkjellaren, gjeld dette:

Gå aldri inn i kjellaren utan tilsyn. Maske og oksygenflaske på ryggen er tilrådd. Ta alltid med en gassmåler ned i kjellaren, og pass på at den er kalibrert. Sørg for å ha tilgang på godt nok arbeidslys. Det trengst for å gjere arbeidet nøyaktig nok og redusere også risikoen for ulykker.

Stålarmering byrjar å ruste når den blir utsett for luft og fukt. Rust treng sju gonger meir plass enn reint jern. Når armeringsjern rustar, vil derfor betongen rundt jernet bli sprengt vekk. Skader på betongen oppstår ofte på konstruksjonar som ligg over normal fyllingshøgde på kjellaren. Kloridinntrenging er ein av dei prosessane som kan oppstå, og skjer på grunn av innhaldet av klorid i urin og gjødsel. Dei delane av dragarane som ligg under gjødselriste eller spalteplankar er mest utsette. Det same gjeld oppleggsflatene for gjødselrister, spesielt dei som er bak båsane.

Levetida på konstruksjonen etter at reparasjons- og rehabiliteringsarbeidet er gjort, avheng av kvaliteten på det arbeidet som er utført. Rehabilitering av armerte betongkonstruksjonar er komplisert arbeid som krev rette vurderingar i planleggingsfasen av arbeidet, og nøyaktigkeit under utføringa. Meisling med handhalden meiselmaskin, spesielt frå skulderhøgde og oppover, er eit fysisk krevjande og tungt arbeid. Det kan derfor vere lurt å sette vekk både planlegging og utføring av arbeidet til fagfolk som har erfaring med betongrehabilitering.

### 2.2.2 Bruk av trevirke frå eigen skog

Gjennom intervjua vi har gjennomført, har det kome fram at det ikkje er sjølv sagt at entreprenørar vil bruke materialar som bonden har henta i eigen skog. Bygningsrådgjevar i Norsk Landbruksrådgiving Knut Erik Ree har samanfatta temaet «bruk av trevirke frå eigen skog»:

Tre er eit fornybart og naturleg materiale og er blant dei eldste konstruksjonsmaterialane som er kjent. Noreg er eit land med mykje skog, og det har til alle tider vore stor tilgang på trevirke. Tremateriale er lett tilgjengeleg, lett å frakte og lett å arbeide med. Andre positive eigenskapar er at det har stor styrke i forhold til eigenvekt og liten varmeleiringsevne. I Norden er det nesten utan unntak berre gran og furu som er aktuelle konstruksjonsmateriale. Trematerialet sin mest tydelege negative eigenskap er at det er brennbart og ganske lett tenneleg. Men ved bruk av heiltre/litmre vil ein oppnå betre branneigenskaper enn for eksempel stål. Med lett tilgang til trevirke i Noreg, er det gode moglegheiter for bønder for å bruke eigen skog. Dette kan gi billige konstruksjonsløysingar. IN gjev ekstra tilskot på maksimalt 400 000 kroner ved bruk av tre, uavhengig av om det er frå eigen skog eller frå butikk.

Historisk har det vore vanleg at bonden brukar trevirke frå eigen skog til konstruksjonar og materialar i driftsbygningar. Dei siste 20-30 åra har dette blitt mindre vanleg i større byggeprosjekt, som for eksempel i nye bygg til mjølkeproduksjon. Bygga har blitt større, og omfanget blir for stort. Andre byggematerialar som stål, sandwich, limtre og betongelement blir brukt av entreprenørar. Bonden som byggerherre har gjerne ikkje tid eller kapasitet til mykje eigeninnsats, fordi drifta elles er omfattande.

I mindre byggeprosjekt er det derimot meir vanleg å bruke tømmer frå eigen skog.

- Reiskapshus og mindre bygg.
- Materialar til reisverk, kledning, lekter og sløyfer til taktekking.
- Men det har også blitt bygd nokre større lausdriftsfjøs dei siste åra med berekonstruksjonar i heiltre, der råstoffet er henta frå eigen eigedom.

For kven er det aktuelt å bruke tømmer frå eigen skog?

- Dei som har en interesse for å bygge klimavennleg med heiltre.
- Dei som verdsett å bruke eigne ressursar.
- I de aller fleste tilfelle: Dei som har moglegheit til ein viss del med eigeninnsats eller har tilgang på entreprenørar/tømrarar som er villig til å bruke ustempla material (ikkje butikkvare).
- Det er fortsatt slik at ein gardbrukar kan søke om byggetillating sjølv på ein driftsbygning i landbruket med samla areal under 1000 m<sup>2</sup>, utan erklæring av ansvarsrettar frå prosjekterande og utførande firma. Da står bonden med ansvaret sjølv i forhold til byggesaka mot kommunen.

### 2.2.3 Arbeidstimar og mekaniseringssgrad

Det finst få datakjelder for kor mange timar ein gardbrukar brukar i døgnet på ulike operasjonar. Timar blir registrert i driftsgranskingsane, men det er svært varierande kor nøyne timane er ført i ein travel kvardag for bonden. I driftsgranskingsane blir det samla inn rekneskapstal, avlingar og timar frå ca. 900 bruk i Noreg. Av desse er det 295 som er mjølkebruk. For mindre mjøkebruk mellom 100-200 dekar er det i snitt brukt 2 700 timar totalt i landbruket. Dette aukar til 3 388 timar for bruk mellom 200-300 dekar, 3 630 timar for bruk mellom 300-500 dekar, og 4 535 timar for bruk over 500 dekar (Driftsgranskingsane, 2021). Sjølv om større bruk har meir mekanisering, ved at dei har investert i meir innandørsmekanisering og har større kapasitet på maskinene ute, vil det likevel gå fleire timar enn i mindre buskapar. Det er fleire kyr som skal kalve, det er fleire som skal inseminerast, det er fleire dyr som skal ha dagleg tilsyn, det skal førast ut meir før dag, det skal produserast meir før, fleire jorde skal dyrkast, og meir husdyrgjødsel skal spreiaast.

I Sveits har dei forska meir på arbeidstimar i landbruket, og har utvikla eit nettbasert verktøy der ein kan rekne ut arbeidsforbruk på bakgrunn av tal mjølkekyr og storleik på arealet. Fjellområda i Sveits kan likna på den geografien som små bruk i Norge opplever med små skifte som er spreidde rundt omkring. Ved å legge inn eit bruk på 15 kyr og båsmjølking med fire mjølkemaskiner og 150 dekar eng + 30 dekar gjenlegg, får ein totalt 2 650 timar i året, av dette er 420 timar førproduksjon og 645 timar mjølking. Dette stemmer godt med det vi finn i driftsgranskingsane. I kalkylen frå Sveits er grunnlaget minutt per ku per dag, og ein vil derfor meir nøyaktige tal på den bestemte buskapsstorleiken.

Kva skjer når dette bruket på 15 kyr vil auke dyretalet og investere i mjølkerobot? Effektiviteten i mjølkinga vil gå opp ved at det ikkje er nødvendig å vere til stades sjølv for å mjølke, men det kjem ekstra arbeid fordi buskapen har blitt større. Ved å legge 30 kyr inn i programmet frå Sveits og høg mekaniseringssgrad får ein ut totalt 4 000 timar. I kalkylen er det brukt 2 x 4 fiskebeinstall fordi bondene i Sveits ikkje brukar mjølkerobot i like stor grad som i Noreg. Ved å justere for dette, og legge inn robot manuelt blir timekalkyla på totalt 3 725 timar. Dette er noko høgare enn talet frå driftsgranskingsane. I timetalet rekna ut frå det sveitsiske programmet, er det 835 timar til «produksjonsleiring

fôrproduksjon», 555 timer til «produksjonsleiing mjølkeku», 455 timer til fôrproduksjon, 900 timer til mjølkerelatert arbeid der 260 av desse er «spesielt arbeid mjølkekry». 470 timer fôring, 275 timer reingjering av liggebåsar og spreiling av strø, og 200 timer til arbeid med beiting. Til saman er det sett av 1 390 timer til dei to diversepostane som kallast produksjonsleiing, dette kan vere alt mogleg som kontorarbeid, veterinarbesøk, til førebuing og etterarbeid til onnene.

Sjølv om det kan bli ei meir effektiv drift med robot, vil auka fôrproduksjon og større buskap kunne gje behov for å tilsette ein ekstra person fordi timetalet har gått opp frå 2 650 timer til 3 725 timer. Dette er det viktig å ta med i vurderinga når ein planlegg ei investering.


Når ein aukar produksjonen frå 15 til 30 kyr, aukar arbeidet både inne i fjøset og ute. For å rekke over alt, er det behov for å investere i maskiner med meir kapasitet, og automatisere fôringa inne. Alternativet kan vere å leige entreprenør til slått og graspressing. Utfordringa da er ofte at ein ikkje får slått og pressa på det tidspunktet som er det mest optimale, fordi haustevindauga er kort og likt for naboen, som også skal bruke utstyret samtidig. Da ender ein ofte opp med å slå seinare, kanskje med meir avling, men med därlegare kvalitet på føret, noko som gjer det nødvendig å kjøpe meir kraftfôr for å kompensere. Neste år er det freistande å kjøpe eiga presse, trass i høge prisar på maskinene. Det beste alternativet er å gå saman fleire og samarbeide om slåtten, slik at ein får ein effektiv fôrproduksjon og kan dele maskinkostnadane på fleire. Dessverre er det ikkje alltid naboar å samarbeide med, fordi mange har lagt ned drifta. Da må ein kjøpe utstyr sjølv.

Det at det er lite mjølkebønder igjen rundt om på bygdene, påverkar også det sosiale livet til bonden. Tidlegare når det var mange mjølkebønder som skulle gjøre fjøsstell, vart gjerne dei sosiale møtetidspunkta plassert til etter fjøsstellet, og dette var akseptert. Det kunne for eksempel vere juleavslutning på skulen, kulturarrangement, møter av ulikt slag med meir. Slik er det ikkje lenger. Med ein eller to mjølkebønder i bygda blir det ikkje lenger tatt slike omsyn, og bonden ser at det å vere låst til mjølking på ettermiddag og kveld, påverkar livet i større grad enn det som er ønska. Ei moglegheit er å leige inn avløysar på fast basis, men dette er kostbart. Avløysartilskotet blir fort brukt opp om ein jamt vil ha fri. Det er heller ikkje sikkert at det er mogleg å få tak i kompetent avløysar i nærområdet, sidan det i dag er færre som har den kompetansen. Da er roboten løysinga. Slik det har blitt i dag, er mjølkerobot nærmast eit krav frå den yngre generasjonen som skal ta over bruket. Ein mjølkerobot kostar, sjølv om det i dag er mange brukte robotar på marknaden som kan passe godt i ein fjøs til 30 kyr. Driftskostnaden er usikker, rekneskapsførarar generelt fører ikkje detaljerte nok rekneskap til at dei skilje ut roboten, og det er slik vanskeleg å sjå kva den årlege summen blir. Men at det er ein årleg kostnad på minst kr 100 000 til vedlikehald, service, forsikring og straum er ikkje feil å seie, i tillegg kjem avskriving/ årleg verdiforringing og renter på kapitalen som er brukt til å kjøpe roboten. Alternativet til robot kan vere mjølkestall. Da går det meir arbeidstid, men ein er fleksibel på den måten at ein heilt sikkert har fri mellom mjølkestalla, det kjem ikkje ein alarm som seier at den og den kua har gått for lenge utan å bli mjølka. Robot medfører at ein må vere på vakt 24 timer i døgnet.

Den rådande kulturen i området er også med å avgjere kva val som vert gjort av bonden med tanke på mjølkesystem. Påverknad frå rettleiarar, andre mjølkeprodusentar og andre i fagmiljøet vil også vere med å avgjere kva val mjølkebonden tar. Roboten er eit stort skifte i næringa slik mjølkemaskina var då ho kom på 50-talet. Roboten medfører store investeringar og auka driftskostnader, produksjonen må gjerne aukast, og alle gjeremåla på garden aukar i omfang. I retur får ein meir fleksibel arbeidstid, mindre tid brukt i fjøset og auka status i og utanfor næringa.

## 2.2.4 Maskinkostnader

Mekaniseringskostnadane har auke frå 270 000 til 398 000 i gjennomsnitt for alle bruk i driftsgranskningane i perioden 2015 til 2021. I leige av maskin er også leasing inkludert.



Figur 2-4: Brutto mekaniseringskostnad, tala er nominelle (Kjelde: Driftsgranskingane i jordbruket, NIBIO))

Prisindeksen for maskiner og reiskap blir utarbeida av NIBIO og vert presentert i Totalkalkylen. Valutakursane er særleg avgjerande for prisutviklinga for maskiner. Dei fleste landbruksmaskinene blir importerte frå Euro-landa, Danmark og Sverige. Prisendringane for dei enkelte gruppene av maskiner har dei siste åra vore følgjande:

Tabell 2.1: Prisendring maskiner og reiskap. Prosent (Kjelde: Totalkalkylen, NIBIO)

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Traktor	1,6	2,0	4,9	7,3	5,6	5,9	5,1	6,2	12,0	5,0	8,4
Skur-tresker	2,0	5,0	4,2	6,4	4,4	4,5	7,6	6,2	7,7	4,1	9,7
Andre maskiner og reiskap	2,8	0,1	5,0	6,3	3,7	0,7	5,3	3,4	10,0	6,0	10,5
Totalt	2,2	1,1	4,9	6,8	4,5	3,1	5,3	4,7	10,7	5,5	9,6

Prisutviklinga for maskiner var særleg høg i 2020 og i 2022. Det betyr at maskinene ein eig, går opp i verdi, men også at prisen går opp når ein må investere i nye maskiner.

## 2.3 Lovkrav

Følgjande paragrafar i delkapittel 1.3 er sitert frå Forskrift om hold av storfe og viser kva nye krav til dyrevelferd som vert innførte (Forskrift om hold av storfe, 2004).

### 2.3.1 Beitekrav 2024

#### § 10. Mosjon og beite

«Driftsmåter skal legges til rette slik at de gir storfe gode muligheter for fri bevegelse, mosjon og naturlig atferd.

Storfe skal sikres mulighet for fri bevegelse og mosjon på beite i minimum 8 uker i løpet av sommerhalvåret.

*Storfe som er oppstallet i båsfjøs, skal sikres mulighet for fri bevegelse og mosjon på beite i minimum 16 uker i løpet av sommerhalvåret. Dersom de naturgitte forholdene ikke ligger til rette for 16 ukers beite, kan beitetiden reduseres med inntil 4 uker. Dydrene skal også sikres mulighet til regelmessig mosjon og fri bevegelse resten av året.*

*Dersom egnet beite ikke er tilgjengelig for fjøs som sto ferdig bygget før 1. januar 2014, skal dyrene i stedet ha tilgang til egnet luftegård eller annet utendørs område der dyrene sikres mulighet til fri bevegelse og mosjon.*

*Annet, tredje og fjerde ledd gjelder ikke for ukastrerte hanndyr eldre enn seks måneder.*

*Kravet etter § 10 tredje ledd om utvidet beitetid og mosjon utenom beitesesongen for storfe som oppstalles i båsfjøs, trer i kraft 1. januar 2024 for båsfjøs som var i bruk 22. april 2004 og har vært i sammenhengende bruk siden.»*

### 2.3.2 Krav om kalvingsbinge 2024

*§7 «Det skal være minst én kalvingsbinge for hvert påbegynte antall av 25 kyr, se overgangsregler i §32 tredje ledd.<sup>1</sup>*

*§32 tredje ledd: Kravet om kalvingsbinge etter §7 sjuende ledd trer i kraft 1. januar 2024 for båsfjøs som var i bruk 22. april 2004 og har vært i sammenhengende bruk siden.»*

### 2.3.3 Lausdriftskravet fra 2034

*§7 «Storfe skal oppstalles i løsdrift med de unntak som er gitt i overgangsregler i §32.*

*§32 Kravet om løsdrift etter § 7 sjette ledd trer i kraft 1. januar 2034 for husdyrrom som ble bygd før 22. april 2004 og som har vært i sammenhengende bruk til storfe siden.*

*§ 28. Dispensasjon. Mattilsynet kan i særlige tilfeller dispensere fra bestemmelsene i denne forskriften, forutsatt at dette ikke strider mot Norges internasjonale forpliktelser, herunder EØS-avtalen. Dispensasjon etter første ledd fra kravet om løsdrift etter § 7 kan bare gis dersom minst halvparten av besetningen er renrasede dyr av bevaringsverdige kuraser.»*

### 2.3.4 Norsk standard for bygg og anlegg

Det er utarbeida ulike standardar, blant anna for bygg og anlegg. Dette er komplette system som skal følgjast ved utarbeiding av teikningar, kostnadsoverslag og kalkylar. Det inneholder også krav til kvalitet og utføring.

Plan- og bygningslova gjeld for alle typar føretak og byggeprosjekt. Gjennom denne lova skjer det ei viktig koordinering av mange lovverk som handlar om utnytting av areal.

Byggeteknisk forskrift trekker opp grensa for det minimum av eigenskapar eit byggverk må ha for å kunne bli oppført lovleg i Noreg.

---

<sup>1</sup> I forskrifta heiter det kalvingsbinge, men kravet vert omtalt som omsorgsbinge i forslag til ny forskrift. I forslaget til den nye paragrafen om omsorgsbinger heter det at «dyreholderen skal sikre at det er tilstrekkelig mange omsorgsbinger for dyra». Regelen her om ein kalvingsbinge per 25 dyr er tatt vekk og erstatta med denne meir skjønnsmessige vurderinga av behov for kalvingsbinge (Mattilsynet, 2020)

## 2.4 Metode

### 2.4.1 Definisjon av ord og omgrep

Omgrep kan ein forstå som at ein vil gripe om noko – eit ord, for å få tak på det og få ei forståing om kva som ligg i det. Gjennom dette prosjektet har det blitt tydeleg at alle bør ha ei felles forståing om kva ord og uttrykk betyr, slik at ein kan kommunisere på ein best mogleg måte, for eksempel i ein rådgivningsprosess. I dette delkapittelet vert det presentert definisjonar på nokre sentrale omgrep.

**Visjon/ drivkraft og motivasjon:** Ved val av løysing er det viktig å tenke gjennom kva som er motivasjonen og drivkrafta i kvardagen. Når ein skal planlegge kva ein skal jobbe med dei neste 20 åra, må ein legge vekt på kva som er interessefelta og ta mindre omsyn til kva som er i vinden, eller kva enkeltpersonar gir av råd. Det ein er interessert i, blir ein ofte svært god på, og då bør ein ikkje velje vekk for eksempel oksar, men heller ha spesielt fokus på å bygge lønnsamt for oksane også, om dette er noko ein synes er moro å jobbe med.

**Fokusavdeling:** Fokusavdeling har blitt vanlig i store buskapar for å kunne skilje ut dyr som treng ekstra merksemd. Det kan vere sjuke dyr, halte dyr, lågrangerte dyr, sinkyr med meir. I mindre buskapar vil det vere eit godt etablert hierarki i buskappen, og enklare å ta tak i utfordringar nettopp fordi det er færre kyr i fjøset. Det er derfor ikkje eit like stort behov for fokusavdeling. Samtidig bør ein i planleggingsfasen av fjøset tenke gjennom korleis ein kan løyse utfordringar med enkeltdyr, på ein god og praktisk måte.

**Omsorgsbinge:** Frå 1.1.2024 er det krav om kalvingsbinge/ omsorgsbinge i alle fjøs. Det er naturleg for kua å trekke seg unna flokken før kalving. Ved å ha kua i ein omsorgsbinge får kua ro til å kalve utan å bli forstyrra. Å ha ein fleksibel omsorgsbinge som oppfyller krav, og er enkel å bruke med tanke på å få dyra inn og ut av bingen, er fornuftig. Etter kalving kan kalven skiljast frå kua som før, og kua settast inn att i buskappen.

**Pynting (dialekt):** Manuell reingjering av båsar og anna areal i husdyrarealet i ein fjøs, med bruk av gjødselskrapa og liknande. Andre ord for dette er reinsking, fliing og måking.

**Nøkkelferdig fjøs:** Sjølv om det ikkje finst ein klar definisjon av nøkkelferdig fjøs, kan ein sjå på eit nøkkelferdig fjøs som eit fjøs som vert levert slik at det er mogleg å flytte rett inn. Byggstart.no skriv at «det er i stor grad opp til leverandøren å definere hva som ligger i dette begrepet» (byggstart.no, 2023). Kva slags entrepriseform ein går for og kva slags ansvar ein sjølv tar på seg som byggherre, medverkar også til kva som kan definerast som nøkkelferdig (ibid.). For nøkkelferdige fjøs er det nok mest vanleg med totalentreprise, altså at eit firma er ansvarleg for heile prosjekteringa, organiseringa og gjennomføringa av byggeprosjektet.

**Byggherre:** I lovverket blir «Tiltakshaver» brukt med same tyding som byggherre. I Plan- og bygningslova står det i §23-1: «Tiltakshaver er ansvarlig for at tiltak utføres i samsvar med de krav som følger av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov». Byggherren er eigar av eideomen og den som har sett i gang ei større investering. Som byggherre, er du ansvarleg for at lovverket blir følgt.

**Byggeleiari:** Byggeleiari er ein fagkyndig rådgjevar for ein byggherre i eit byggeprosjekt. Bonden kan også vere byggeleiari. Opgåva er først og fremst å føre tilsyn med at arbeidet blir gjort til rett tid og av rett kvalitet i samsvar med det som står i avtalen. Koordinering av alle fag som skal inn på byggeplassen, organisering og leiing av byggemøte, arrangering og deltaking i synfaring er også viktige oppgåver. Entreprenør kan også vere byggeleiari, men ein kan då stå då i ein meir kinkig situasjon som bonde om det blir usemje om kvaliteten i arbeidet som er gjort.

NLR og TINE rådgiving tilbyr (ekstern) byggeleiing. Ein ekstern byggeleiari er ein som kjem utanfrå og som ikkje er betalt av entreprenøren, men heller ikkje skal tale byggherren sin sak. Ein byggeleiari skal kunne balansere og sjå ting som kan utvikle seg til å bli problematisk ifrå ståstadelen til ein uavhengig

rådgjevar. Byggeleiaren skal då vere ein sparringspartnar inn mot entreprenør, men også litt andre vegen. Byggeleiari skal kunne stille spørsmål til byggherren og tiltakshavaren og også utfordre i den retninga om ein ser at entreprenøren har nokre poeng eller har noko som bør avklarast. Den viktigaste oppgåva til byggeleiaren er både å fungere avlastande i ein hektisk byggeprosess og sikre at betalingsplanane blir følgde, slik at det ikkje vert fakturert meir enn det faktisk er utført på byggeplassen. Byggeleiari bør med fordel vere på plass før kontraktar blir inngåtte for å sikre kvalitet og god gjennomføring av byggeprosessen. Ein byggeleiari vil ha erfaring med landbruksbygg, så det kan ofte verdfull kompetanse for bøndene som sjølv ikke har like mykje erfaring.

**Seriellan og annuitetslån.** Eit annuitetslån er eit lån som blir betalt ned med like store terminbeløp i heile perioden, mens eit seriellan har høgst terminbeløp i starten, og går ned for kvar termin. Slik vil totalgjelda vere høgst for annuitetslån i heile perioden, og den totale rentekostnaden vil også vere høgare.

**Resultatbudsjettet** gir oversikt over inntekter og kostnader.

**Balansebudsjettet:** dei budsjetterte behaldningane i balansebudsjettet vil representera ved utgangen av budsjettpersonen, dei finansielle konsekvensane av dei avgjerder og føresetnader som er tatt i dei andre budsjetta

**Likviditetsbudsjett:** Formålet med likviditetsstyringa er å sørge for at bedrifa kan drivast utan å bli forstyrra av manglande likviditet, og at bedrifa har nødvendige likviditetsreservar til å sikre finansiell handlefridom i endringssituasjonar.

**Økonomisk driftsplan:** Oversikt over økonomien til heile familien dei neste 5 -6 åra. Inneheld både resultatbudsjett, balansebudsjett og likviditetsbudsjett, og oversikt over investeringar dei neste åra, skatteutrekning, lønn utanom garden og privatforbruk. I ein driftsplan vil ein finne nøkkeltal som eigenkapitalprosent og «tilført etter avdrag» for alle åra. Tilført etter avdrag er kva som er igjen når alt er betalt. Det er viktig i ein driftsplan å ta høgde for risiko. Det finst mange måtar å gjere dette på; det kan vere at ein legg ein buffer på «tilført etter avdrag», brukar ei høgare lånerente enn det som er i dag, eller tar høgde for at ikkje kvota blir fylt dei første åra.

**Rullande prognosar:** I store firma tar budsjettprosessen lang tid, og ein ser at budsjettet slik vi kjenner det ikkje alltid er like egna som eit styringsverktøy fordi det blant anna skaper rigide rammer. Det har derfor blitt tatt i bruk andre verktøy, som rullende prognosar. Rullande prognosar viser utviklinga i dei viktigaste variablane i budsjettet, det blir oppdatert jamleg (ofte kvart kvartal). Det er som eit minibudsjett. Dei punkta som har mest usikkerheit rundt seg, er ein naturleg del av ei rullande prognose. Dei vil også definere kor ofte ein bør oppdatere prognosan og kva slags variablar ein bør fokusere på.

**Lønnsemd:** Innovasjon Norge er opptatt av at prosjekta skal vere tilstrekkeleg lønnsamme og ha god soliditet både på kort og lang sikt. Den korte definisjonen av ordet lønnsemd er ei bedrifts evne til å skape gode finansielle resultat. I praktisk betydning i landbruket kan ein seie at ei lønnsam drift er ei drift der du etter at investeringa er gjort, kan gå i fjøset og ha ei grei timebetaling for tida du er der. Etter bondeopprøret er ein blitt meir bevisst om at ein også bør få avkasting på kapitalen ein har lagt inn i drifta. Men dette er eit komplisert tema da det ikkje alltid er jordbruket som er årsak til at det er investert i ein bestemt traktor, eller som gjer at ein har tatt seg råd til maskiner med høg kapasitet. Hos enkelte i landbruket er det andre inntekter som maskinkøyring og lønn utanom garden som har gitt rom til å kjøpe ein stor traktor. Alternativet til å legge pengar inn i landbruket kan vere å investere i ei leilegheit. Ved å investere i landbruket har ein fått seg ein arbeidsplass, og får slik sett andre fortrinn enn dei reine finansielle.

I jordbruksforhandlingane blir resultatmålet vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk mykje nytt. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk er driftsoverskot tillagt kostnader til leigd hjelpe minus den delen av betalte renter og kår som høyrer til jordbruket per årsverk.

**Sparringpartnar.** I den tidlege planleggingsfasen er det viktig for bonden å finne dei grunnleggande årsakene og drivkraftene for at ein vil drive med mjølkeproduksjon, og kva som er den daglege motivasjonen i drifta. Dette er eit viktig grunnlag å ha når ein skal gå vidare med å konkretisere planane med teikning av fjøs og arbeid med på få kostnadane ned på eit realistisk nivå, fordi ein då enklare kan prioritere kva som er viktig. I ein slik tidleg planleggingsfase er det bonden sjølv som sit med svara. Rådgjevaren – frå forvaltninga eller frå ein rådgjevarorganisasjon er ikkje ein ekspert som skal kome med svara, men i staden vere ein sparringpartnar, ein diskusjonspartnar, og bidra til å grave djupare slik at bonden kjem fram til dei grunnleggande drivkraftene. Som rådgjevar må ein då vere bevisst på å stille opne spørsmål. Dette er spørsmål ein ikkje kan svare ja eller nei på, og startar ofte med spørjeorda «kva», «korleis» og «kvifor». Slik kan ein hjelpe bonden vidare med kva motivasjon/ drivkraft og viktige strategiar er i drifta, og kvar bonden ønsker å vere om for eksempel fem år – kva er målet.

**Bestillerkompetanse:** Som bestiller av ei rådgivingsteneste, er det trøng for ein viss kompetanse, og ein må vere bevisst på visse forhold, for eksempel må det settast ei kostnadsgrense slik at bestillinga blir mest mogleg konkret og realistisk. Bestillerkompetanse handlar om å vere ein bevisst kjøper som set seg inn i ulike løysingar, set tydelege krav, stiller kritiske spørsmål og elles kommuniserer etter beste evne med rådgjevaren. Det er eit behov for meir merksemd og opplæring rundt dette, slik at både rådgjevaren og bonden kan gjere kvarandre gode.

## 2.4.2 Samanstilling av funn og erfaringar frå prosjekt

Prosjektleiarar for dei mange prosjekta som er gjennomførde i ulike delar av landet med temaet «frå båsfjøs til lausdrift», har blitt kontakta. Frå desse er det i hovudsak samla inn presentasjonar som er haldne på fagmøte rundt omkring. På desse fagmøta har det vore halde innlegg frå mange aktørar som Innovasjon Norge, statsforvaltarar og rådgjevarar frå NLR og TINE. I etterkant av fagmøta har det vore oppfordra til å søke om tilskot til rådgiving for å kome i gang med planleggingsprosessen. Det er også henta inn rapportar frå prosjekt der slike er tilgjengelege, men desse rapportane har i all hovudsak gått på aktivitetar som er gjennomført, og tek lite for seg aktuelle tiltak for dei som skal investere. Ei samanstilling av fagstoff henta frå presentasjonane på fagmøta er gjengjeve i kapittel 3.

I prosjekt Innlandsfjøset blei det utvikla ein eigen metodikk, og kunnskapen frå dette prosjektet er derfor samla i kapittel 4. Målet med prosjekt Innlandsfjøset har vore å finne lønnsame fjøsløysingar for dei som skal bygge lausdriftsfjøs for mindre enn 30 båsplassar. Dei andre prosjekta i Innlandet «Lausku og framtidstru» og «Fjøsløftet 2034» har brukt metodikken som er utvikla i Prosjekt Innlandsfjøset.

«Storfprosjektet» i Vestland har gått i ei årrekke og er omtala i kapittel 5.

## 2.4.3 Kvalitative intervju


I tillegg til samanstilling av erfaringar og funn i tidlegare gjennomførte prosjekt, blei det som eit supplement gjennomført semi-strukturerte intervju med ulike relevante aktørar, som bønder, rådgjevarar, prosjektmedarbeidarar, bankvesen og byggentreprenørar. Det blei utvikla ein intervjuguide for kvar gruppe av informantar. Rekruttering av informantar blei gjort via prosjekta som har jobba med rimelegare løysningar for ombygging til lausdrift, og via andre relevante aktørar (snøball-metoden). Dei fleste intervjuia var ein til ein, men det blei også gjennomført eit fokusgruppeintervju med medarbeidarar i eit av lausdriftsprosjekta.

For å analysere dei kvalitative intervjuia blei det gjennomført ei tematisk innhaltsanalyse. I tillegg blei det gjort dokumentanalyse av prosjektrapportar og skriv. Dei kvalitative intervjuia er analysert i fleire ledd, etter Creswell og Poth's «data analysis spiral» (2018). Det vil seie at intervjuia og prosjektnotatane blei lesne gjennom fleire gongar og «koda» for relevante segment, enten etter eit forhandsbestemt kodetre (deduktiv) eller ved direkte tolking (induktiv). Analysen følgde hovudsakleg tre steg, og tema dukka til dels opp etter kvart. Resultata vart diskutert underveis i prosessen, i tillegg til at det har blitt

ført ein detaljert logg over tankegangen bak analysen. Dette har ikkje vore ein lineær prosess, og det har vore behov for å gå tilbake til enkelte steg for å sikre rett oppfatning av datamaterialet.

Analysen vert gjennomført i det kvalitative analyseverktøyet NVivo (QSR International). Materialet vart anonymisert og sortert etter case, som vil seie at kvart enkelt prosjekt – til dømes «Prosjekt Innlandsfjøset» - og kvar enkelt informant, vart oppretta som case i prosjektet. Slik fekk ein også moglegheit til å samanlikne gardbrukarar, rådgjevarar og andre på tvers etter ulike kvalitetar – til dømes geografi eller om dei har mjølkerobot eller ikkje.

Figur 2-5 illustrerer analyseprosessen, kor kodane som oppstod i kvart ledd, er lista opp i dei respektive boksane.



Figur 2-5: Illustrasjon av den kvalitative dataanalysen

### Om gardbrukarane

Gardbrukarane som vi snakka med, var i gjennomsnitt 48 år gamle. To av ni var kvinner, to intervju var av både mann og kone på garden, mens fem av ni var menn. Gjennomsnittleg kvote før bygging var 83 000 liter, mens det etter bygging var 179 000 liter. Gjennomsnittleg tal årskyr etter ombygging er 21. Fire av ni har mjølkerobot, og alle har fått tilskot frå Innovasjon Noreg til sine byggeprosjekt. Tre av gardbrukarane har vert med i eit prosjekt tilsvarande Innlandsfjøset. To av dei fôrar opp oksane, men nokre har mellomkalvproduksjon (sal ved maks. 150 kg). Det er stor variasjon i areal og kor stor del av jorda som er leigd, men dei fleste leiger noko areal. Fem av ni driv garden på deltid, mens fire er heiltidsbønder. Tre er lokalisert i Nord-Norge, tre på Vestlandet, ein i Trøndelag og to i Innlandet. Alle gardbrukarane har barn, men det er berre to som har sikra overtaking til neste generasjon.

# 3 Kunnskap henta frå prosjekt på temaet «frå båsfjøs til lausdrift»

## 3.1 Prosjekt i Noreg

Det har vore fleire prosjekt innan temaet «frå båsfjøs til lausdrift» dei siste åra. I Troms og Finnmark har dei prosjektet «Fra bås til løsdrift i Troms og Finnmark» i 2022 og 2023, i Nordland har prosjektet «Velg mjølk Nordland» gått frå 2021. Velg mjølk Trøndelag gjekk i perioden 2019-2022. I Skjåk og Lom har dei hatt prosjektet Laus ku og Framtidstru. I Møre og Romsdal er det både Storfeprosjektet og «Frå bås til løsdrift», for å nemne nokon. Felles for alle desse prosjekta er at dei har samla bønder til fagmøte for å komme i gang med ein prosess og lette arbeidet med å sette seg inn kva som må til for å få bygd om frå båsfjøs til lausdrift. Etter fagmøta har bøndene fått tilbod om rådgiving delfinansiert av prosjekta både på bygg og økonomi. Fagkunnskapen nedanfor er henta frå ulike prosjektrapportar og presentasjonar frå desse prosjekta.

## 3.2 Oppdeling i fasar

### 3.2.1 Forprosjektet

Det er veldig spennande og lett å gå rett på og begynne å teikne dei tekniske løysingane. Men før ein kjem dit bør ein gå ein runde med seg sjølv og tenke forretningside og kva ein skal eigentleg tene pengane på. Dette temaet er omhandla i delkapittel 2.3 under Økonomi. Når det gjeld sjølve byggeprosessen, må ein i forkant ha tenkt igjennom kva ein har av menneskelege ressursar, kompetanse og ferdigheter. Er ein god på snekring, dyktig på byggeleiing eller økonomi. Kva har ein av ressursar, og ikkje minst kva slags bygningsmasse har ein på garden.

Deretter er det viktig å lage ein grov, langsiktig plan. Ein bør allereie her begynne å tenke i dei lange perspektiv, og legge nokre føringar. Er produksjonen så stor at ein kan bygge alt nytt, eller bør byggeprosessen delast opp og takast i fleire trinn framover. Ved å tenke igjennom dette i forkant, har ein fått ein kravspesifikasjon ein kan ta med til rådgjevar eller seljar.

Det er svært sjeldan at bygningsrådgjevaren skal først inn. Som regel er det mange omkringliggende faktorar ein først må ta omsyn til, som arealgrunnlag og økonomisk handlingsrom. Det å prosjektere fjøs, er ein relativt liten bit av heile den store prosessen med å ta overgangen frå bås til lausdrift.<sup>2</sup>

For gardbrukaren er det viktig å vere tydeleg på kva slags fase han er i. I eit forprosjekt jaktar ein løysingar. Her vil det vere aktuelt å dra på fjøsbesøk og sjå andre sine løysingar, bli med på eit prosjekt der ein kan diskutere løysingar med andre gardbrukarar, og dra på foredrag og lære meir om kva det er viktig å hugse på når ein skal i gang med å investere i fjøs, enten ny eller ombygging/ påbygg. Hos seljar, byggrådgjevar vil det vere aktuelt å sjå på aktuelle skisser, og få ein fagleg god sparringpartnar.

Det er viktig å ta seg god tid i denne fasen. Etter bygging er det for seint, så det er viktig å lande på ei løysing som kan gje grunnlag for ei god drift både for folk og fe i mange år framover.

### 3.2.2 Hovudprosjektet

Når bygningsskissa er klar, bør ho sendast til ulike entreprenørar for å få eit prisestimat på arbeidet. Før ein signerer avtalar om bygging, må ein ha klart for seg om ein vil bruke ein ekstern byggleiar, desse vil

<sup>2</sup> «Fra bås til løsdrift Troms og Finnmark», 2022, 2023

gjerne vere med allereie her før ein signerer. Det er tilrådd å bruke Standard Norge sine kontraktsmalar for byggeprosjekt.

Byggeleiing er ofte påkravd av finansieringsinstitusjonar, særleg i større prosjekt. Ein byggeleder er ofte ein som arbeide mykje med landbruksbygg, og er derfor ein verdifull kompetanse for dei gardbrukarane som sjølv ikkje har mykje erfaring. Ein byggeleiar er ekstern, og er ikkje betalt av entreprenøren, men skal heller ikkje ta byggherreng (gardbrukaren) sak. Ein byggeleiar skal balansere og sjå ting som kan utvikle seg til å bli problematisk ifrå ein uavhengig rådgjevars ståstad. Byggeleiar skal da vere ein sparringpartnar inn mot entreprenør, men også litt andre vegen. Byggeleiar skal kunne stille spørsmål til byggherren og utfordre i den retninga om ein ser at entreprenøren har nokre gode poeng, eller noko som bør avklarast. Byggeleiarens viktigast oppgåve er å fungere avlastande i ein hektisk byggeperiode og sikre at betalingsplanane blir følgt, slik at entreprenøren ikkje fakturerer for meir enn som faktisk er utført på byggeplassen. Ein byggeleiar kan også utføre kvalitetskontroll.<sup>3</sup>

### 3.3 Økonomi

Ein økonomisk driftsplan er ei nødvendig støtte for å kunne ta ein god avgjerd når ein vurderer å bygge om og/eller bygge på fjøset frå båsfjøs til lausdrift. Det vil vere ulike føresetnader for å ta ei investering mellom gardane, der det økonomiske handlingsrommet er bestemmande for kor stor investering ein kan gjere. Det økonomiske handlingsrommet er komplekst og tar omsyn både til produksjonen i dag, nødvendige investeringar på andre hald, som jord og maskiner, pantegrunnlag og forventingar om næringsinntekt frå garden.<sup>4)</sup>

#### 3.3.1 Ressursar, motivasjon, målsetting og strategi

Når ein skal gjere ei investering, må ein ta utgangspunkt i kva ressursar det er på garden. Spesielt areal er ein viktig faktor for å bestemme produksjonsstørleiken. For små og mellomstore bruk som ikkje har ein strategi om å bli større, vil det vere naturleg å ta utgangspunkt i eksisterande areal. Neste skritt er å spørje om det finst potensiale for å auke produksjonen, og kva risikoen er for at avlinga vil slå feil i dårlege år, og kva tiltak ein kan gjere for å minimere risiko. Det kan også vere aktuelt å tenke igjennom kva slags strategi ein vil gå for når det gjeld grovförproduksjon, tidleg slått og god kvalitet, sein slått og meir avling med lågare kvalitet, eller ein kombinasjon. Sannsynlegvis vil det vere nødvendig å ha ein reservestrategi, i tilfelle traktoren går sund eller om været ikkje blir som ønska.

Eit viktig spørsmål å stille ein gardbrukar i investeringsfasen, er kva som er motivasjonen og drivkrafta i kvardagen, og kva målet med drifta er. Dette er viktig å notere ned, så ein ikkje gløymer kva det var ein eigentleg hadde som plan når ein står midt oppe i ein byggeprosess. I ein fase der økonomien sannsynlegvis vil bli dårlegare nokre år rett etter investering, er det også viktig å sjå på om ein har den nødvendige kompetansen for å ha ein god produksjon. I stressande tider vil dette spesielt gjelde nye brukarar som ikkje har erfaring frå før med landbruksdrift. Ein annan ting som vil skilje ulike gardbrukarar, er tilgang på nettverk. Er det lett å få avløysar, har ein familiemedlemmer som kan bidra, har ein naboar eller kollegar i nærlieken som kan stille opp når det er behov, og har ein andre å diskutere utfordringar med, vil vere viktige spørsmål.

Eksisterande bygningsmasse, maskiner og buskap er særskilt viktige ressursar når ein står framom ein investeringsfase. Kva ein har av bygningsmasse i dag som framleis kan utnyttast, når må ein ta nye maskininvesteringar fram i tid, og korleis kan ein vere best stilt for ei drift i lausdriftsfjøs når det gjeld buskapen. Dette er viktig faktorar å tenke igjennom, og bør vurderast og kommenterast i ein økonomisk driftsplan.<sup>5</sup>

<sup>3</sup> «Fra bås til løsdrift Troms og Finnmark», 2022,2023

<sup>4</sup> «Velg melk Trøndelag», 2019-2022

<sup>5</sup> «Velg melk Trøndelag», 2019-2022

### 3.3.2 Økonomisk potensiale i produksjonen

Det er fleire alternativ når det gjeld å finne eit økonomisk potensiale i produksjonen. Generelt kan ein auke inntektene, redusere dei faste kostnadane, eller redusere variable kostnader. Det er stor variasjon i driftsøkonomi mellom bruka. Dei viktigaste faktorane er mjølkepris, kvotefylling, rekruttering og kraftførforbruk når det gjeld produksjonen. I tillegg kjem mekaniseringskostnader som vil bli diskutert i neste avsnitt.

Mjølkeprisen varierer mykje gjennom året, og blir også påverka av innhald av fett og protein. Her vil det derfor ofte vere eit potensiale for å kunne auke gjennomsnittsprisen for året. Dette må ein sjå i samanheng med praktiske omsyn som tilgang på omsorgsbringar, beitetilgang, og andre faktorar som bør ha prioritet framfor høg mjølkepris.

Det å få fylt kvota og få det volumet ein ønsker, er eit naturleg mål for kvar enkelt gardbrukar. Viktige tiltak er å legge ein god plan tidleg, så ein har oversikt gjennom heile året.

Oppdrettskostnader på kviger ligg på mellom kr 10 – 20 000, og er ein stor kostnad i mjøkeproduksjonen. Ein bør ha moglegheit til å kunne ta valet om å selektere dei beste dyra vidare, og elles ha dyr i besetninga som er haldbare og produserer godt med mjølk. Ein føresetnad for god og jamn produksjon er å få kalv i kvigene til rett tid. Alt dette vil påverke økonomien, og er med å påverke dei store skilnadene ein ser mellom bruk når det gjeld økonomi.

Kraftførforbruk heng saman med grovförkvalitet og – mengde. Kraftføret må tilpassast grovføret ein har, det er derfor viktig å ta grovförprøver så ein veit kva ein har. Slik kan ein optimere förrasjen i forhold til den produksjonen ein ønske å ha.<sup>6</sup>

### 3.3.3 Mekaniseringskostnader

I prosjektet «Velg melk Trøndelag» vart det satt fokus på grovförökonomi og maskinsamarbeid. Grovförökonomi er ein viktig del av økonomien på bruket. Val av strategiar og maskinlinjer vil ha stor betydning for förkvalitet, avling, tidsbruk og økonomi. Det er mange faktorar som spelar inn, og mange val ein må ta. Kor stor avling treng ein, i kor stor grad vil ein ha kyrne på beite på areala, kva slags kvalitet ønsker ein på föret, er det behov for ulike förkvalitetar, er det maskinlag i bygda som kan gå saman om å investere i maskiner, er det mogleg å kjøpe förra eller leige meir areal, kor langt vil det løne seg å transportere förra og husdyrgjødsel både når det gjeld kr og timer, er det aktuelt å leige inn transport av förra og husdyrgjødsel, er det aktuelt å leige utstyr til å handtere husdyrgjødsel som slangespreiaranlegg, er det aktuelt å leie inn entreprenør til hausting av förra.

I grovförproduksjonen er det i større grad ein risiko, ved at det er mindre sannsynleg at ein får finvêr i Noreg, enn det er i for eksempel Danmark. Ein må ta omsyn til at vêret er som det er og velje strategiar utifrå det. Kva gjer ein om vêret gjer det vanskeleg å komme utpå for å hauste avlinga. Vil det få dramatiske følger for økonomien, eller er areal og maskinpark og produksjon rusta for å takle varierande vêr. Det kan enten vere at ein har ein maskinpark med høg kapasitet, eller at ein har ein lettare maskinpark med lågare kapasitet, men heller ikkje større produksjon enn at ein likevel får hausta föret når vêret er lagleg. Det kan også vere at målet er å ha ein moderat avdrått på garden, og derfor ikkje har behov for særskilt god kvalitet på grovføret, og dermed får eit større vindauge for når ein kan hauste graset.

Avlingsnivå er særskilt viktig for grovförökonomien. Det er derfor viktig at jorda er drenert, kalka og at graset får dei næringsstoffa som trengs frå husdyrgjødsel og mineralgjødsel, slik at graset kan vekse og gje god avling.

Det er enno mykje å hente på maskinkostnad gjennom samarbeid. Ved at fleire bruker maskinene, vil ein kunne fordele maskinkostnaden på eit større areal, noko som gir betre lønnsemrd. Gjennom

<sup>6</sup> «Velg melk Trøndelag», 2019-2022

samarbeid der fleire går i lag om innhausting og gjødselkøyring, vil ein også kunne utnytte kapasiteten til maskinene betre, og ha eit tilstrekkeleg mannskap for å få ei effektiv drift, slik at ein får utnytta finvårsdagane. Ein tek ut store effektiviseringsgevinstar ved samarbeid mellom 2-3 bruk.

### 3.4 Bygning – viktig tiltak for auka lønnsemd

I prosjektet «Fra båsfjøs til løsdrift i Troms og Finnmark» har dei blant anna sett på løysningar for eit eksisterande fjøs bygd på 70-80 talet. Dei fleste har som utgangspunkt eit lågfjøs frå 70-80 talet med ein fløy der mjølkekryne og ungdyra er i same rom. Mjølkerommet ligg i eit birom. I tillegg kjem fôrlager, for eksempel ein plansilo med ein liten fôrsentral. Denne kan ofte vere utvida til ein større fôrsentral for å ha plass til handtering av rundball.

Noko av det viktigaste ein gjer, er å kartlegge potensialet i tomta. Det gamle fjøset vil på eit tidspunkt måtte takke for seg, og då er det viktig at ein ikkje har bygd seg fast. Ein bør plassere det nye bygget på ein slik måte at ein på eit seinare tidspunkt kan rive noko av det gamle og erstatte med noko nytt. Det å ha ein oversiktsstrategi på ei utvikling framover i tid er viktig, når den gamle bygningen inngår som ein del av anlegget.

Det første ein må gjere når ein vurderer å bygge ut, er å vurdere tilstanden på eksisterande bygg. Er bygningen brukbar, og kva er teknisk tilstand? Betongkonstruksjonar som har vore tett på gjøsel, må sjekkast før utbygging. Kritiske konstruksjonar er betongdekket over kjellar, dragarar som held dekke og spaltegolv, overdekking på armeringsjern, oppsprekking/ riss og rustangrep på armering. I tillegg er jern i strekksonen utsett, betong er god på trykk, dårleg på strekk.

Om ein ønsker å ta i bruk delar av det gamle fjøset til kyrne, må ein ha god kontroll på underliggende bereevne i kjellar før ein kan sette inn spaltegolv.

Merksemda bør ligge på å bygge for den drifta ein sjølv skal ha, å planlegge ein strategi for tida ein sjølv skal ha garden, og ikkje legge føringar for framtidige brukarar.

### 3.5 Diskusjonsgrupper

Prosjektet «Laus ku og framtidstru» i Lom og Skjåk kommune tok initiativ til å etablere diskusjonsgrupper, for slik å legge til rette for drøfting, erfaringsutveksling og kompetansedeling mellom brukarane. Dei prøvde å få til fem deltakarar i kvar gruppe med ein rådgjevar frå NLR eller TINE som møteleiar. I ei av gruppene hadde det blitt diskutert byggeteikningar sidan rådgjevaren i denne gruppa hadde kunnsskap om temaet. Det vart også gjennomført fjøsbesøk for desse gruppene, og deltakarane utveksla erfaringar når nokon var ferdig med å bygge. Erfaring frå dette arbeidet visste at ein gjerne kunne hatt ei grundigare kartlegging av deltakarane i forkant for å ha meir bakgrunnskunnsskap når ein sette saman gruppene. Det å ha faste tema på møta var ein suksessfaktor.

Erfaringar frå prosjektet visste også at fagmøte er ein god aktivitet når ein vil nå ut til mange, samtidig som at ein får ein sosial effekt. Det er tydeleg at det er eit stort behov for møteplassar i landbruket.

### 3.6 Kommunen si rolle

I dei ulike prosjekta rundt om i landet har samarbeid om fagmøta stimulert til meir samhandling på tvers av rådgivingsorganisasjonane og auka kunnsskap blant dei lokale rådgjevarane om eigenskapar og kompetanse hos kvarande. Det vil kunne komme gardbrukaren til gode. Samtidig har landbrukskontoret i kommunen blitt kjent med rådgjevarar og ressurspersonar i ulike organisasjonar.

Kommunen har ei viktig rolle, dei er «førstelinja» når det gjeld kontakt med Innovasjon Norge. Det første ein gardbrukar bør gjere når han tenker på å investere i eit prosjekt, er derfor å ta kontakt med kommunen. Her kan bonden få tips, både om korleis søknadsprosessen går føre seg og kva som må på plass til ein søknad, men også kome med tips om aktuelle rådgjevarar som kan bidra med god hjelp i

prosjektet. Gjennom eit slikt prosjekt vil landbrukskontoret i større grad ha kunnskap om kven som sit med spisskompetanse på ulike fagfelt.

Kommunen har også ei viktig rolle som initiativtakar og møteorganisator i slike prosjekt, og for å skape motivasjon – mobilisere når det er store løft som skal til.

# 4 Prosjekt Innlandsfjøset

## 4.1 Mål

Prosjekt Innlandsfjøset er finansiert av Innlandet fylke og Innovasjon Norge Innlandet. Prosjektet er eigmeldt av Høgskolen i Innlandet, men blir gjennomført i lag med TINE Rådgiving, Norsk Landbruksrådgiving og åtte pilotkommunar i Innlandet. Hovudmålet med prosjektet er å finne lønnsame fjøsløysingar – spesielt for dei som skal bygge mindre lausdriftsfjøs enn 30 kuplassar (Innlandsfjøset).

## 4.2 Hovudutfordringa

Utfordringa no er å få til lønnsame løysingar i små og mellomstore prosjekter. Dei små og mellomstore brukar har nett dei same ønska og draumane som dei store. Men ved investering i for eksempel ein robot eller i føringssutstyr, blir kostnaden fordelt på 18 kyr (gjennomsnittleg storleik båsfjøs) i staden for 43 (gjennomsnittleg storleik lausdriftsfjøs). Da blir det 2,5 gonger så dyrt. Dei store som skal handtere store volum mjølk, har allereie bygd. Dei som står att, er båsfjøs i distrikts-Noreg med små jorde og kanskje store avstandar mellom teigane, inneklemd mellom fjordar og fjell. Det vil kanskje ikkje bli meir rasjonelt for dei å bli store, men heller meir arbeidskrevjande fordi dei må køyre lengre for å få tak i meir før til ein stor buskap. Å presentere nedskalerte løysingar for dei små, utan andre endringar, er ikkje bra nok. Det blir ofte altfor dyre løysingar. Dette fordi byggekostnader per dyreplass aukar når du bygger mindre, fordi det er færre dyr å dele kostnadane på. Ein må derfor jakte andre løysingar.

Det er viktig å skilje mellom mekanisering og bygg. Sjølv om byggekostnaden aukar per dyreplass når du bygger mindre, er byggekostnaden meir flat enn mekaniseringenkostnadane. For mekanisering er det mykje å hente på stordriftsfordelar. Fram til no har ein jakta lågare einingskostnad i fjøset ved å auke volum. Dette er ei vanskeleg tilnærming. Bygget blir dyrare for å huse ein større buskap, og samtidig blir inntektene reduserte på grunn av kostnader til kvotelege og leigejord. Når volumet aukar, aukar også kostnadene ute, for eksempel til maskiner til gjødselhandtering og grovförproduksjon. Det må kørast meir gjødsel, og haustast meir før, utan at ein nødvendigvis har fått mykje meir timar å produsere det på. Kapasiteten på maskinene ein har må derfor aukast – ein må investere i større og meir kostbare maskiner. Alt dette drar også kapitalkostnaden opp, noko ein spesielt må vere obs på med høgare renter, også fordi ein har ein stor produksjon der marginane betyr meir. Ein kan heller ikkje gløyme at større volum gir ei auka arbeidsbelastning.

No står dei små brukar for tur, og volumet kan ikkje aukast i like stor grad fordi arrondering og tilgang på areal i nærleiken gjev dei strammare rammer. Då må ein ha fokus på mest mogleg fjøs for pengane. Kostnadseffektivitet = størst mogleg verdiskaping med minst mogleg ressursbruk. Dagens økonomi på bruket må kunne bere investeringa.

## 4.3 Fjøsbygget

Eit nytt fjøsbygg har lang levetid og kan vere ei plattform for framtidig drift. Det bør vere framtidsretta og legge til rette for trinnvis utbygging både med tanke på buskap, mekanisering og volum. Det å bygge på tre båsplassar er ein kostnad ein kan spare inn på ved å gå for enklare løysingar når det gjeld innandørsmekaniseringa. For eksempel kan ein satse på brukt mjølkestall og ikkje robot, eller hjulgrabb og ikkje fullförlinje – dette er dei ekstreme vala i kvar retning. Mellom desse alternativa er det andre løysingar som kan gje rom for å auke investeringa i fjøsbygget. Det er likevel viktig å hugse at sjølv om ein vel bort avanserte løysingar i dag for å få ned kostnaden, så kan ny teknologi lett monterast inn den dagen ein har nedbetalt så mykje av bygget at ein har økonomiske musklar til det.

Om ein bygger rasjonelt for kua i trinn ein, må ein samtidig planlegge for trinn to slik at ein ikkje øydelegg for framtidig bygging, men heller legg til rette for vidare utbygging. Det er viktig å tenke langt framover i mange trinn. Trinn to bør derfor vere planlagt før trinn ein blir bygd, og det må bli halde av plass for eventuelle seinare trinn.

Tilstandsvurdering av eksisterande bygg er særskilt viktig. Det har mykje å seie for kva val ein har.

På nettsida til Innlandsfjøset står dette (<https://innlandsfjøset.com/>):

*«Mange satser på å bygge om det gamle fjøset til en løsdriftavdeling for mjølkekua. Dette kan fungere godt, men likevel opplever vi til stadighet at det går noen år, og så har det blitt behov for enda mer plass. Mjølkekua, roboten osv sitter da så godt «fast» i det ombygde fjøset at løsningen gjerne blir å flytte ungydra ut i noe nytt. Resultatet ble da et tungdrevet mjølkekufjøs fullt av kompromisser med tanke på arbeidsbelastning/ arbeidstid – og et lettdrevet ungyrfjøs. Vi vil anbefale å se nærmere på en løsning hvor en først som sist bygger nytt og rasjonelt til mjølkekua, og hvor en tar ut restverdien i det gamle fjøset til kalv, ungyr og eventuelt sinkyr. For å få en lavere totalkostnad, er det nye mjølkekufjøset et kompakt bygg kun for mjølkekua (og eventuelt spekalv). Sammenliknet med å samle alt av dyr i et nybygg, er det ofte mulig å kutte kostnadene med 2-5 millioner kr på denne måten. En slik «kompakt mjølkekuhall» kan bygges helt frittstående, eller inntil et eksisterende bygg ... En gang i fremtida, når den planlagte restverdien av gamlefjøset er «oppbrukt», kan en da velge å rive det eksisterende fjøset – uten at dette virker spesielt inn på det som er dagens nybygg.»*

## 4.4 Bestillerkompetanse

«Bestillerkompetanse» er tosidig, og både bonden og rådgjevaren har ein finger med i spelet her. Rådgjevaren er den profesjonelle parten, og det blir forventa at denne personen skal ha kompetanse slik at han skaffar det nødvendige grunnlaget for å kunne gje eit godt råd. Det er ei utfordring at rådgivinga er spesialisert slik at bygningsrådgjevaren gir byggrelaterte råd og økonomirådgjevaren gir økonomisk rådgiving, mens det bonden eigentleg treng er ei meir fullstendig rådgiving der det blir tatt omsyn til dei økonomiske konsekvensane av dei bygningstekniske råda og der økonomien kviler på eit konkret grunnlag frå bondens eige prosjekt. Det er også utfordrande at rådgivarane gjennom 20 år har trenat på lausdrift i store buskapar, og baserer rådgivinga til dei små og mellomstore brukarar på dette erfaringsgrunnlaget.

På den andre sida er bonden som skal bygge. Det er få bønder som er veldig rutinerte på å bygge eller på å legge om til lausdrift. Dei har sett kva som er bygt siste 20 år, og ønsker seg også mange av dei same løysingane. Bestillinga frå dei fleste bøndene er derfor av typen «Eg ønsker at du planlegg eit nytt og moderne lausdriftsfjøs». Ei meir presis bestilling burde hatt med ei kostnadsgrense. Med ei realistisk kostnadsgrense ville det vore meir aktuelt å ta ut ein restverdi av eksisterande bygningsmassen, men også å ta tida meir til hjelp. Mange av dei tekniske løysingane ville sett annleis ut med ei «betre» bestilling, altså med meir fokus på lønnsemrd.

## 4.5 Metodikk

For ein bonde som skal bygge, er det særskilt viktig å skilje på kva slags fase dei står i. I idéfasen er tida inne for å sjå på og bli kjent med moglege løysingar. I forprosjektfasen skal ein få fram eit grunnlag for å ta avgjerd på om ein skal bygge eller ikkje. Det er viktig å ikke forplikte seg i denne fasen. Hovudprosjektfasen dreier seg om å få bygget på plass, detaljplanlegging, tilbodsgrunnlag og innhenting, kontrahering, byggesøknad med meir.

For små bruk er det mindre å hente i reine kroner i tilbods-innhenting, byggeleiing og god produksjon samanlikna med store bygg. Det er andre grep som må på plass for å få til lønnsame fjøs. Prosjekt Innlandsfjøset har derfor hatt særleg merksemrd på metodikk.

#### 4.5.1 Forprosjektverktøy

Ein må hjelpe bonden med å finne sin ønska framtidssituasjon. Det er derfor utarbeidd eit A3-skjema til hjelp for bonden. Poenget er at bonden skal ta styringa på sitt eige prosjekt. Ein tek da utgangspunkt i no-situasjonen – endringsreisa – og ønska framtidssituasjon. Det er viktig at det er bonden som sjølv noterer i eige skjema, spesielt med tanke på eigarskap og bestillerkompetanse.

1. Forretningside. Her må bedriftseigar-hatten på bonden. Kva er forretningsideen – kvar ligg det største interessefeltet. Mest mogleg avdrått, utnytte eigne ressursar optimalt, ein mest mogleg rasjonell produksjon i forhold til for eksempel disponible arbeidstimar, framföring av oksar eller anna. Når ein er trygg på sin eigen forretningside, vil ein også ha glede av han over lengre tid = fleire år å avskrive kostnaden over.
2. Kartlegge ressursar på garden.
  - a. Eksisterande fjøs – er dette ein ressurs på kort eller lang sikt. NB! Tilstandsvurdering er grunnleggjande. Faktoren «mengde» er også særskilt viktig, kor mykje eigna areal er tilgjengeleg.
  - b. Menneskelege
    - i. Utdanning, erfaring, arbeid som entreprenør. Den norske bonden er variert og har mykje kunnskap, men alle kan ikkje «alt».
    - ii. Arbeidskapasitet. Er det aktuelt å legge inn eigeninnsats. Dette har endra seg mykje dei siste 20 åra – færre ser for seg å gjøre ein eigeninnsats ved bygging av nytt fjøs. Har ein andre rundt seg som kan hjelpe til, foreldre, anna familie eller venner?
    - iii. Maskiner. Er det gravemaskin eller dumper til grunnarbeid på garden, eller skog, gardssag, grustak og liknande.
3. Sett kostnadsgrense tidleg i prosjektet. Viktig for å få realisme frå start.
  - a. Det har ingen hensikt å teikne alle draumane ein har om ein det likevel ikkje er økonomi til det.
  - b. Ha fokus på kr/liter. IN har rekna på internrente i prosjekta
    - i. 30-35 kr/kvoteliter – beste halvdel på mjølk minus fôr greier dette
    - ii. 25 kr/kvoteliter – alle kan forsvere dette
    - iii. 40 kr/kvoteliter – beste ¼ kan greie dette.
  - c. Mykje gjeld eller lite – her er det særskilt stor variasjon. Sett kostnadsgrense ved å ta kvote  $x$  valt kostnadsgrense i kr/kvoteliter, og deretter trekke i frå gjelda som blir borene av produksjonen. Kva kan ein få under denne grensa?
4. Strategi/ langtidsplan/ trinnvis plan
  - a. Er det mogleg å ta tida til hjelp for å komme på rett nivå når det gjeld kr/liter. I alle prosjekta skal alt av mekanisering innpå dag 1. Er det mogleg å fordele kostnaden over tid? Arbeid med tidsrommet. Det er mogleg å søke IN om først å bygge til ungdyra i trinn 1, og deretter til mjølkekryrnen i trinn 2 når prosjektet er ferdig.
5. Planlegg besetning
  - a. Konsentrert eller spreidd kalving
  - b. Fôrgrunnlag, spreieareal

6. Andre mekaniseringsbehov. Har traktoren gått langt og må skiftast snart?
7. Bygningsplanlegging
  - a. Svar på det andre først. Start ikkje her
  - b. Finn ei formålstenleg løysing på kvart enkelt byggetrinn
8. Finansiering
  - a. Tilskot frå IN og tilskot frå næringsfond i kommunen?
  - b. Serielån eller annuitetslån.
- Fordele økonomisk risiko:
  - c. Risikolån Innovasjon Norge – gjerne i samarbeid med banken din. Kan spare mykje på rentekostnader om ein får dette.
  - d. Set ei gjeldsgrense og planlegg utifrå denne, for eksempel gjeldsgrense lik verdien på kvota.
9. Lønnsemnd
  - a. Måle lønnsemnd/ interrente ved hjelp av ein driftsplan.

Alt dette hører til «forprosjektet». Forprosjektet skal gje eit avgjerdsgrunnlag for om ein skal bygge. Hovudprosjektet går på tilbodsinnhenting, byggesøknad og bygging av fjøs. Bonden bør vere tydeleg på kva slags fase han er i ved kontakt med rådgjevar og seljar. Når ein leitar etter løysinga som passar på eige bruk, skal ein ikkje signere ei kontrakt. Når ein har endeleg har bestemt deg for ei løysing, da kan ein få teikna fjøset hos nøytrale rådgjevarar som NLR eller TINE, ta ein skikkeleg forhandlingsrunde og så endeleg skrive kontrakt – gjerne med hjelp av byggrådgjevarar frå NLR eller TINE.

Forprosjektverktøyet skal slik gje bonden ansvar for eige prosjekt. Det er bonden som skal leve med resultatet av denne prosessen, og det er derfor viktig at rådgjevaren ikkje dikterer kva bonden skal gjøre. Det er bonden sjølv som skal fylle ut skjemaet – dette handlar om prosess – at ein får i gang ein tankeprosess og aukar bestillingskompetansen til den enkelte bonden. Ein treng ca. ein time på å fylle ut første versjon i A3-arkformat. Da kan ein i ettertid gå til ein rådgjevar og be om konkret rådgiving, for eksempel kan ein be om å få teikna inn mjølkestall med moglekeit for å sette inn robot på sikt.

Det er vondt å kutte når ein allereie har teikna drøymefjøset. Start heller nøkternt og sikre at ein får handlingsrom over tid.

Det står meir om forprosjektverktøyet i vedlegg 2.

#### 4.5.2 Verktøy for å velje frå (slutt å snakke tilval)

Ein har tre område der ein kan velje frå.

1. Hovudfunksjon
2. Arealfunksjon
3. Kvalitet

Hovudfunksjon er det mest verknadsfulle fråvalet for å ta ned prisen. Ein løyser ikkje «problem»et, men får prisen vesentleg ned for det aktuelle byggetrinnet. Det kan vere ungdyravdeling eller fokusavdeling. Fokusavdeling er for utsette enkeltindivid, dette er eit mindre problem i små buskapar der det er færre dyr. Derfor kan dette vere noko ein kan bygge i byggetrinn 3. I staden for å rive det gamle, kan ein sjå kva ein får til av ombygging ved å bruke same beløp for enkel tilpassing til anna dyregruppe, for å gjere det mogleg å ta ut ein restverdi.


Når ein skal velje frå areal (krympe arealet), er det ikkje husdyrarealet som er i fokus – det er ofte fastsett av forskrifter med omsyn til dyrevelferd og arbeidsmiljø. Når ein snakkar om areal, er det dei lite produktive areala ein må sjå på. Det kan vere forbretta – kor breie forbrett må ein ha om ein ønsker å sette inn meir automatisk føring på sikt og kor breitt bør forbrettet vere? Eit forbrett på eit par meter bør vere nok, men det er avhengig av korleis ein har lyst til å mekanisere på sikt. Det er viktig å hugse på at ein kan mekanisere ulikt i store og små besetningar. Særleg areal som ikkje er produktive, som breie forbrett, førsentral, store bi-rom og store sosiale rom kostar ganske mykje. Dette gjeld særleg i område med høge byggekostnader. Det er viktig å hugse på at kvadratmeterprisen fort kan bli høg, og at ein må utnytte arealet på ein effektiv og mest mogleg lønnsam måte. I arealet til mjølkekua er kostnadseffektiviteten høg, målt i kr inntekt per kvadratmeter. Hos ungdyr og kalvane er han lågare. Er det aktuelt å velje enklare løysingar med lågare kvadratmeterpris for dei? Det kan vere små kalveboksar ute til dei små kalvane med felles eteareal, eller rundbogehallar til ungdyra. Har ein skog, kan ein sette opp enkle stolpebygg, og det kan vere aktuelt med talle om ein har tilgang på strø.

Kvalitet er ein tilstand eller ein eigenskap noko har. Eit bortval på kvalitet kan vere brukt i staden for nytt, eller enklare mekanisering i staden for avanserte automatiske løysingar, eller ein lågare kapasitet – av typen «tilstrekkeleg». Det kan vere brukt robot i staden for ny, eller enkel fôrutleggjar eller hjulgrabb i staden for fullfôrvogn eller anna automatikk. Kvalitet kan også gå på heile fjøs, at ein tenker uisolert fjøs i staden for isolert fjøs. På kvalitet er det eit stort handlingsrom, for eksempel når ein samanliknar ein brukt mjølkestall med ein mjølkerobot. Brukte robotar kjem etter kvart meir på marknaden, fordi dei store mjølkeprodusentane bytar til ein ny robot. Ein slik brukt robot passar godt i ein mindre buskap fordi ein kanskje i større grad toler ein kort driftsstans på grunn av mindre dyretal. Men da må ein ha tenkt nøyne på om ein har råd til driftskostnadane med ein robot, eller om det gjer at ein må jobbe meir utanom bruket. Kvalitet går også på at det er mogleg å spare inn ved å for eksempel gjere eige arbeid på ein utvendig førsentral, og slik få ned prisen.

#### 4.5.3 Å bygge i fleire trinn

I prosjekt Innlandsfjøset har det vore fokus på å unngå høg gjeld samstundes i eit byggeprosjekt. I dei fleste tilfella er dette mogleg ved å ta investeringa i fleire trinn, der bygg/ planloysing blir prioritert i det første trinnet, og der det blir nytta ei så enkel mekanisering som mogleg frå starten. Bygg har ei levetid på 50-60 år, mens teknikk gjerne må skiftast ut etter berre 10-20 år. Ein har dermed mange moglegheter til å løfte den tekniske standarden gjennom levetida til bygget. Fråvalsverktøyet er god hjelp i denne prioriteringsprosessen. Når ein har betalt ned noko av bygget, kan ein seinare legge inn ei investering i for eksempel meir avansert føring eller å oppgradera mjølkeanlegget.

Prosjekt Innlandsfjøset har også jobba med å synleggjere effekten av å satse på ein volumauke, og har samtidig sett på den økonomiske effekten av å dele opp investeringa i fleire trinn. Ved bruk av eit regneark og ved å sette nokre forutsetningar ser dei at det er nokre mekanismar som dukkar opp: Verdien av auka produksjonsvolum er gjerne mindre enn den auka kostnaden til eit større fjøs, spesielt ved renteauke. Tilskotet går ned med auka produksjonsvolum. Jord- og kvotelege aukar. Mekaniseringskostnadane ute er ein skummel og upårekneleg «joker», også med konsekvensar for jordpakking og mindre lagleg jord på grunn av større maskiner. Arbeidstimane går opp ved auka produksjonsvolum, og har ein vesentleg kostnad i form av auka arbeidsbelastning, meir leid hjelpe eller auka mekanisering og stress. Det er ein vesentleg reduksjon i kapitalkostnader ved å dele opp investeringa og ta tida til hjelpe. «God drift» er framleis lønnsamt, men lønnsemda kan vere meir «sårbar» ved store investeringar.



**Figur 4-1: Gjeldsgrense ved å bygge alt samtidig, eller å dele opp i fleire trinn – illustrasjon frå rekneark nyttar i Innlandsfjøs-prosjektet. Y-aksen viser gjeld i kroner, x-aksen viser tal terminar.**

På figuren blir nedbetaling av gjeld vist ved to ulike alternativ. I alternativet der alt er bygd på same tid er det i dette eksempelet ei startgjeld etter investeringstilskot på 6,6 mill. kroner, med 7 prosent rente og 25 års løpetid. Det tek 18 år før gjelda har passert referanselinja (den stipla linja svare til ein kalkulert verdi av kvota). I det andre alternativet (grøn strek) er den same kostnaden tatt i tre byggetrinn. I løpet av perioden vil det vere prisstiging og dyrare å bygge, men ein vil også forvente å få prisstigning på inntektssida når det gjeld produksjonsinntekter og tilskot. Ved å dele opp investeringa blir total gjeld per år lågare og årlege lånekostnader blir redusert i stor grad. Andre effektar av å dele opp i fleire byggetrinn er at ein blir meir fleksibel og kan endre kurs undervegs. Ein får også moglegheit til å velje teknologi som er ny på eit seinare tidspunkt, mens ein i det raude scenarioet må nyttar dei tekniske løysingane gjennom heile tidsperioden. I praksis vil ein og bli tvinga til å skifte dei tekniske løysingane medan ein framleis har mykje resterande gjeld, noko som gjer at ein «aldri» kjem ordentleg ned i gjeldsnivå. Ein annan fordel med det grøne løpet, er at ein kan søke om midlar frå Innovasjon Norge i fleire rundar, og slik få minst like mykje tilskot til å finansiere prosjektet. Fleire trinn gjer det også mogleg med meir eigeninnsats som ytterlegare kan redusere gjelda og betre lønnsemada.

Dette handlar også om å planlegge eige liv. Ved å bygge i fleire trinn blir det meir fleksibilitet gjennom å ha låg gjeld. God kontroll på økonomien frå dag ein gjer at ein kan ha råd til avløysar, familie, ferie og fritid. Ein kan miste noko fleksibilitet i periodar, men samla arbeidsbelastning vert lågare. Dette er berekraft i praksis, ein sørger for eit godt liv for dyr og bonde (sosial berekraft), med ein økonomi som gjer det mogleg å reinvestere i produksjonen (økonomisk berekraft), og ein gjer det med så lite fotavtrykk som mogleg – også med noko gjenbruk (miljømessig berekraft). Vonleg står bonden ved slutten av sitt yrkesaktive liv og tenker at «eg har hatt eit godt liv som bonde».

For bygg- og imek-leverandørane er konsekvensane av ei slik trinnvis utbygging liten. Dei får kanskje ikkje selt mjølkerobot og fullførsvogn på dag 1, men etter 5-10 år kjem det nok ei bestilling frå mange. Bonden har da betalt ned mykje av bygget, og er i ein posisjon til å ta neste steg.

Den største endringa vert kanskje hos rådgjevarorganisasjonane. Når bonden ikkje lenger planlegg utbygging berre ein gong i karrieren, noko som han ofte brukar mange år på å planlegge, må rådgivingstenesta vere mykje betre på å sjå bonden sine reelle behov. Dei må vere i stand til å skilje dette i frå kva han har lyst på. Rådgjevarane må difor vere i stand til å «gjere bonden god» i sine bestillingar av råd. Dette gjeld særskild byggrådgjevarane som da må ha meir grep om økonomien i ei byggesak.

## 4.6 Standardiserte masseproduserte fjøs

Landbruket har vore därleg på å tilby masseproduserte fjøsmodellar, samanlikna med for eksempel hyttemarknaden eller bilbransjen. Prosjekt Innlandsfjøset har derfor arbeidd med leverandørar, for at dei skal tilby fjøsmodellar som gardbrukarane kan velje frå. Det kan for eksempel vere mjølkekufjøs med eller utan ungdyroppdrett. Ved masseproduksjon er det mogleg å få ned prisen per fjøs, og slik skape meir lønnsame prosjekt.

I Prosjekt Innlandsfjøset har det vore jobba med både Felleskjøpet/ Norsk massivtre, BRI Landbruksbygg og Fjøssystemer for å få på plass fleire standardiserte og kompakte fjøs som kan «masseproduserast» til ein overkommeleg pris. Løysingane utgjer ei rasjonell produksjonseining for 20-30 mjølkekyr frå første dag, men skal ved behov vere mogleg å utvide både med fleire mjølkekyr, sinkyr og ungdyr seinare. Tanken er at ein vel ein fjøsmodell, nett som ein vel ein bilmodell. Eit slikt konseptfjøs skal ikkje modifiserast og tilpassast kvar enkelt, og slik greier ein å halde kostnadane nede. Ein kjøper da eit bygg som har fungert for andre.

## 4.7 Konsept for bygge- og motivasjonskurs

I prosjekt Innlandsfjøset har førstelinja hatt ansvaret for å mobilisere aktuelle bønder i sin kommune og region. Innlandsfjøset og IN har i stor grad stått for fagleg innhald med mål om å vise løysingar og motivere. NLR, TINE og Rådhuset Vingelen (i Østerdalen) har hatt oppfølging i ettertid.

Dette kan nyttast som ei stamme i eit nasjonalt opplegg basert på denne skissa:

- Ein nasjonal kunnskaps- og pådrivarhub tek initiativ til både nasjonale og regionale tiltak
  - NLR, TINE, IN og førstelinja ved landbrukskontoret stiller med kvar sin representant i eit forum som held tematikken «varm», oppdaterer og spreier ny kunnskap og driv med leverandørutvikling med meir. IN dekker kostnadane med dette, inkludert løna til gruppeleiar. Dette kan vere henta frå nasjonale tilretteleggingsmidlar eller midlane til forsking og utvikling.
  - Ein av personane fungerer som gruppeleiar med hovuddelen av tida si tilgjengeleg for jobben, mens dei andre er meir bindeledd til organisasjonane sine.
- Gjennom året vert førstelinja brukt aktivt for å mobilisere bøndene.
- Det blir arrangert lokale/ regionale møte med fokus på løysingar og verktøy (Innlandsfjøs metodikken) og å få fram kven som kan hjelpe bonden der han er.
  - Bonden må også gjerast bevisst på bestillerkompetansen sin og dei moglegheiter som finst blant anna gjennom forprosjektmidlane frå IN.
- Rådgivinga lokalt held tak i den enkelte bonde vidare framover.
  - Dei kan søke støtte for eksempel frå fylke eller Statsforvaltaren til ein viss basis til drift, men betalast elles gjennom bruk av forprosjektmidlar og ordinær timebetaling frå bonde.

Prosjekt Fjøsløftet 2034 skal dekke heile Innlandet fylke og har til mål å spreie Innlandsfjøs metodikk til heile Innlandet. Dei har også tatt utgangspunkt i Prosjekt laus ku og framtidstru i Lom og Skjåk der målet har vore å gje deltakarane eit solid grunnlag for omlegging frå bås til lausdrift.

Kvar region må ha ein organisorator som jobbar tett med landbrukskontora og ei rådgjevargruppe på fire personar (NLR, TINE, andre).

Første møte er eit oppstartsmøte som går både på dag- og kveldstid med aktuelle tema frå IN, byggrådgjevar, økonomirådgjevar, veterinar og andre aktuelle om temaet frå bås til lausdrift. I forkant

av dette møtet blir det gjennomført to timer med kursing for rådgjevarane som skal følge opp gardbrukarane ved å etablere diskusjonsgrupper og tilby individuell rådgiving.

I prosjekt Laus ku og framtidstru vart det satt saman grupper med gardbrukarar til «Erfa-grupper» eller studieringar. I botn var det ein til ein rådgiving. Intensjonen med å etablere diskusjonsgrupper var å få i gang meir drøfting, erfaringsutveksling og kompetansedeling mellom bøndene. Her kan rådgjevarar vere organisator for møta, gjerne med faste tema. Når ein står overfor felles problemstillingar, er det heilt klart ein verdi å kome sammen og diskutere. I slike møte kan det også vere aktuelt å diskutere fjøsteikningar eller å dra på fjøsbesök.

## 5 Storfeprosjektet Vestland

Det er omlag 20 år sidan Storfeprosjektet starta i Sogn og Fjordane med Jo Helge Sunde frå TINE som prosjektleiar. På eit årleg samarbeidsmøte mellom etatane i fylket, kom det fram at det siste året ikkje var bygt ein einaste ny driftsbygning for mjølk. Spørsmålet som vart stilt, var: Kva kan ein gjere med dette? Det var mangel på pengar i landbruket, og samdrifter var einaste moglegheit til å auke produksjonen. Ein måtte tenke større, og seinare vart det også høve for enkeltbønder å bygge større gjennom kvoteleige.

Det var eit prosjekt som skulle sikre at vidareføring og fornying av mjølkeproduksjonen i Sogn og Fjordane i framtida. Storfeprosjektet har hjelpt bøndene med å legge gode planar, samtidig som dei gjev bøndene god oppfølging. Storfeprosjektet i Sogn og Fjordane er eitt av dei kunnskapsprosjekta knytt til mjølkeproduksjon som har gått over lengst tid.

Storfeprosjektet kom i gang i kjølvatnet av eit vedtak i Stortinget (Stortingsprop. Nr 12 (2002-2003)) under Bondevik-II-regjeringa. Der vart det bestemt at alle nye fjøs skulle vere basert på lausdrift frå 2004, og at alle storfe skulle gå i lausdrift frå 2024. I og med at det på den tida var svært få lausdriftsfjøs i Sogn og Fjordane, vart Storfe-prosjektet sett i gang alt frå 2004 med tanke på å ruste opp mjølkeproduksjonen i fylket for framtida. Fylkesmannen, Innovasjon Norge og næringa stod bak prosjektet. Etter samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane i 2020, har prosjektet halde fram i heile Vestland fylke. Omtalen av storfeprosjektet bygger mykje på samtalar med prosjektleiar Jo Helge Sunde, økonomirådgjevar i TINE, og landbruksdirektør i Vestland, Christian Rekkedal.

### 5.1 Mål

Hovudmålsetting for storfeprosjektet var å halde oppe den relative delen av mjølkeproduksjonen i Sogn og Fjordane også etter innføring av nye dyrevelferdskrav. Det vil seie at fylket sin del av den totale mjølkeproduksjonen i landet, skulle vidareførast. Etter fylkessamanslåinga gjeld målet for heile det nye fylket. Til nå har ein klart dette målet trass i eit vanskeleg utgangspunkt.

I Stortingssprop. nr 69 (2007-2008) vart frist for innføring av lausdrift utsett til 2034. Det same produksjonsmålet for mjølk står fast fram mot den nye fristen i 2034. I dag vert 65 prosent av mjølka produsert i lausdriftsfjøs. Likevel driv 60 prosent av mjølkeprodusentane i Vestland i båsfjøs. For å klare å få alle mjølkebøndene over på lausdrift innan fristen, må det byggjast mellom 20 og 30 nye fjøs årleg frå 2023 fram mot 2034 i Vestland.

### 5.2 Strategi og gjennomføring

Det vart påpeika av Statsforvaltaren at det ikkje er rett å kalle dette eit prosjekt, men eit utviklingsprogram for mjølk, geit og storfeslakt. Det har vore ulike periodar med ulike tema i løpet av tida prosjektet har gått. Først var det kumjølk, så var det geitemjølk, og seinare kom (mjølk og) storfeslakt. Prosjektet vart gjennomført ved hjelp av mobilisering med kvalitetssikring. Kvalitetssikring vart gjort ved at ein sikra at det var ressursgrunnlag, økonomi og tilstrekkeleg kompetanse blant utbyggarane.

Strategien storfeprosjektet har følgt for å nå produksjonsmålet, har vore å reise rundt i distriktet, skape entusiasme og kontakte bønder som var i tenkeboksen. Det har vore viktig å invitere til større og mindre møte, vere aktiv i media og rett og slett vise at det går an å bygge nyt fjøs og samtidig få eit godt liv. Målet må også vere at ein bygger ut for å oppnå noko positivt for seg sjølv og familien og ikkje berre for å tilfredsstille eit offentleg krav.

For mjølkebonden har det ofte vore eit val mellom å satse på nybygg eller nedlegging av produksjonen. I første omgang har det vore viktig å vurdere prosjektet grovt, fortelje kva som kunne gå og kva som

ikkje kunne gå. Bruk av eksisterande bygningsmasse har vore ein viktig del av prosessen både med tanke på gjenbruk og økonomi. I dag er om lag 70 prosent av nye prosjekt påbygg/tilbygg til eksisterande fjøs (Sunde, J.H., personleg kommunikasjon, 22. 08.2023). Skal ein bygge alt nytt, vert det som regel mykje dyrare enn om ein nyttar (noko av) den eksisterande bygningsmassen. Det er som regel viktig at den delen som skal nyttast til mjølkekyr, er ny. Over 90 prosent av oppholdsrom for kyr er nytt areal i utbyggingsfjøsa. Dette må som oftast til for å få rasjonell drift i mjølkeproduksjonen og god velferd for dyra. Å bygge om eldre fjøs til lausdrift ved å sage i betong, er som regel ikkje aktuelt. Topografi kan av og til også skape vanskar for eit rasjonelt tilbygg. Godt vedlikehaldne siloar kan vere ein kjemperessurs for eit ombyggingsprosjekt.

Ved besøk på bruket er det nyttig å bruke differansekalkylar. Ein lagar grove kalkylar for no-situasjonen og for ulike alternativ for utbygging. For bruk med 80 000 – 120 000 liter med mjølkekvote som mange båsfjøs-produsentar har i dag, er det vanskeleg å få økonomi ved ei ombygging til lausdrift basert på eksisterande volum. Ein må då ofte auke ressursgrunnlaget både med meir kvote og meir areal for til dømes å kunne forsvare mjøkerobot.

### 5.3 Drivkrefter og organisering

Både samvirkebedrifter, forvalting og næring har vore viktige drivkrefter i prosjektet. Ei anna viktig drivkraft i storfeprosjektet har vore Landbrukssekskapet. Etter at leiinga der vart overført frå landbruksdirektøren til næringa, har selskapet fått god forankring i landbruket. Leiar Anders Felde fekk dessutan engasjert Sparebanken Sogn og Fjordane som er ein stor aktør for finansiering av landbruket. Sparebanken meinte at å finansiere landbruk innebar stor risiko, sjølv om dei tapte lite pengar i næringa

Landbrukssekskapet ønskte å prioritere lokalsamfunn der mellom andre bøndene var viktige. Det var satsing først på frukt og bær. Seinare vart det jobba med mjølkeproduksjon på ku og geit. Det har også vore jobba med i storfekjøt i selskapet. Som nemnt, er utviklingsprogram er eigentleg rett namn på storfeprosjektet, det er ikkje eit prosjekt som er tidsavgrensa. Det har vore liknande program tidlegare som BU-programmet frå starten av nittitalet til 2012, dessutan programstyret for frukt og bær. Storfeprosjektet har henta idear i frå desse programma, medan landbruksrådgivinga har hatt eit eige program for utvikling av sauehaldet.

Det var også eit samarbeid med landbruksrådgivinga på produksjon av godt grovför. Tidlegare var mykje grovför rundt i fylket med dårlig kvalitet. Ein har fått oppgradert grovfördyrkinga blant produsentane gjennom storfeprosjektet.

Finansieringa av prosjektet har vore tilretteleggingsmidlar frå Statsforvaltaren, tidlegare Fylkesmannens landbruksavdeling, og no fylkeskommunen. I perioden har det også tidvis vore bidrag frå TINE og Nortura. Nortura har trekt seg ut etter at dei vart Rogalands-dominerte og satsar no på tilsvarande utviklingsprosjekt i Rogaland, men ikkje i Vestland. Sparebanken Sogn og Fjordane har også støtta storfeprosjektet økonomisk.

### 5.4 Strukturutvikling

I dag vert 2/3 av mjølka i fylket produsert i lausdriftsfjøs, og det meste blir produsert med robot. Likevel driv framleis 60 prosent av produsentane i båsfjøs. Landbrukspolitikken har prioritert stordrift, og roboten har vore sterkt strukturdrivande. I dag bør ein ha minst 25 kyr for å bygge med robot, og tidlegare var det verre. Då måtte ein ha mykje større buskapar. Ny landbrukspolitikk gjer at ein nå kan forsvare nye robotprosjekt ned mot 20 kyr. Kva som skal skje med resten av båsfjøs-producentane, er eit viktig spørsmål. Skal ein gå i same lei som før, vert strukturendringane endå større. Roboten har vore alfa og omega i utviklinga til nå. Dette fordi han endrar mykje på arbeidsdagen til bonden ved å auke fleksibilitet. Ein treng ikkje lenger vere i fjøset til faste tider. Bøndene set stadig større pris på fritida og høve til å engasjere seg i samfunnet. Det er ikkje berre økonomi som avgjer valet til bonden.

Ein kan også tenkje seg andre løysingar enn robot noko som er aktuelt for mindre produsentar. Dei som kan tenkje seg å drive vidare med til dømes 15 kyr, kan gå for mjølkestall eller andre løysingar. Det kan vere at dyra ligg på bås om natta og at dei har moglegheit til å bevege seg meir fritt rundt, og at ein har mjølkestall. Ein kan også sjå til Sveits der ein har slike løysingar for bruk med 15 kyr. Landbrukspolitikken opnar no meir for mellomstore bruk. Nye rammevilkår for bygging gjer det lettare å bygge om til lausdrift også for dei mindre produsentane.

## 5.5 Rammevilkår

For å drive Storfprosjektet er ein heilt avhengig av den landbrukspolitikken som vert ført til ei kvar tid. Før 2007 var det lite økonomisk insitament for utbygging. Tilskota til investering var små, og det speglar interessa for utbygging/ombygging. Små tilskot til utbygging ramma vestlandsjordbruket hardare enn andre delar av landet på grunn av små bruk med lite ressursgrunnlag. Etter 2007 auka investeringstilskotet, og det vart auka noko meir i 2009. Det store løftet i investeringsstøtta kom i 2017. Dermed auka interessa for satsing på mjølkeproduksjon. Både investeringstilskot og generelle tiltak for økonomi i mjølkeproduksjon påverkar interessa for satsing. I 2021 var det eit svært dårlig landbruksoppgjer, ingen nye intensiv til å satse kombinert med stor prisauke, og interessa for utbygging for mjølk stoppa opp. I 2022 vart det gitt stor ekstrakompensasjon for kostnadsauke samtidig med auka investeringstilskot til landbruksbygg. Rammevilkåra for utbygging vart betra vesentleg også etter jordbruksoppgjeret i 2023. Investeringstilskotet vart auka til maksimalt 5 millionar (5,4 mill.kr dersom det vert bygt i tre). Maksimal tilskotsprosent vart auka til 50. Summen av desse tiltaka har auka interessa monaleg for utbygging, og ramma for investeringstilskot var alt brukt opp i august 2023.

Av dei som har bygt om til lausdrift, har fråfallet vore lite. Per i dag er det 2-3 store samdriftsfjøs frå prosjektperioden utan mjølkeproduksjon. I desse bygningane er det i dag ammeku/sau, så bygningane er i drift sjølv om det ikkje vert produsert mjølk.

Tidlegare var det vanskeleg å få økonomi i prosjekt under 300 000 liter i kvote under dei gjeldande rammevilkåra. Det vart bygt flest fjøs i dei gode jordbruksområda der det var enkelt å skaffe nødvendig ressursgrunnlag for auka produksjon. Det var lite investeringstilskot til fjøs fram til 2016. Då vart tilskotet dobla, likevel måtte ein bygge relativt stort, men mindre enn før for å få økonomi i prosjekta. I ein rapport om konsekvensar av lausdriftskravet (Haukås m.fl., 2022), vart det konkludert med at ein burde bygge for meir enn 35 kyr for å få økonomi i prosjektet ved nybygg.

Dei økonomiske rammevilkåra for mjølkeprodusentane er viktige for å kunne ta steget til lausdrift. Rammevilkåra var dårlige for bygging av fjøs fram til 2017. Då kom fleire viktige endringar. I tillegg til dobling av investeringstilskot var eit viktig grep tilskot til små og mellomstore mjølkeprodusentar. Tilskotet er høgast på eit nivå på 23 kyr. Dette tilskotet var målretta mot små og mellomstore mjølkeproduksjonsbruk, og betra driftsøkonomien for denne gruppa.

## 5.6 Råd til produsentane

Dei beste råda ein kan gje framtidige utbyggjarar er at ein må satse på framtidsretta løysingar. Det er viktig for at det skal bli attraktivt å overta produksjonen og sikre rekruttering for næringa. I praksis vil det som regel vere robotmjølking og gode bygningsløysingar for arbeidsmiljø og dyrevelferd. Ikkje alle ønskjer denne type løysing for sin produksjon og prioriterer rimelegare løysingar. Ofte er dette produsentar som har kortare horisont for drifta og ønskjer å drive i tråd med forskriftene så lenge dei sjølve har tenkt å drive.

Det aller viktigaste er at bonden identifiserer seg med kva utbygginga vil innebere både på kort og lang sikt for seg og sin familie. Erfaringa er at ein god og framtidsretta fjøs er den rimelegaste løysinga på lengre sikt. Kva med dei som ikkje har økonomisk kapasitet til å bygge ein slik fjøs? Då bør ein kanskje vurdere om tidspunktet for utbygging er rett akkurat no, det er trass alt 10 år til 2034. Fokus på friskare

dyr og mindre bruk av medisin vil auka inn i framtida. God trivsel for både bonden og dyra bør ha høg fokus.

## 5.7 Resultat av storfeprosjektet

Investering i nybygg for 10 mill. kr var noko nytt for landbruksnæringa på Vestlandet. Det var eit stort løft for utbyggjaren, og det krov mykje kunnskap for å unngå økonomisk fallitt. Utviklingsprogrammet (Storfeprosjektet) har medverka til at det ikkje har vore konkursar i næringa.

Storfeprosjektet har vore vellukka ut frå dei rammevilkåra som har vore for mjølkeproduksjonen til ulike tider. Ein har klart å halde oppe produksjonsvolumet, noko som er svært viktig for foredlingsindustrien. Meieriet i Byrkjelo og det nye anlegget i Bergen, samt anlegget til Nortura er avhengig av råvareproduksjon i fylket. Dersom ein ikkje hadde gjort noko for å møte utfordringa, hadde truleg produksjonen gått til Rogaland/Hedemark/Trøndelag slik som det har skjedd med kylling.

Prosjektet har bidrige til å unngå konkursar i landbruket ved å kvalitetssikre utbyggingane. Kvalitetssikring i alle ledd har vore ein nøkkel i prosjektet. Ulike prioriteringar blant bøndene medverkar likevel til at det er stor variasjon i økonomisk resultat blant produsentane som har bygt ut.

Prosjektet starta som tankar blant personar i og rundt næringa, og vart forankra i landbruksselskapet. Selskapet er ein viktig møteplass og felles arena for landbruket der næringa styrer og landbruksdirektøren er sekretær. Det har vore ein suksess at prosjektet er eigd av noko som landbruket styrer og set retninga på. Fylkeskommunen har no overteke midlane som har finansiert prosjektet, og dei stiller spørsmål om ein skal halde fram med dette mjølke/storfe-prosjektet.

Ennå er det mange mjøkeprodusentar som driv i båsfjøs i Vestland. Det er derfor viktig at prosjektet, eller programmet, held fram. Ein veg som er mogleg å gå framover, er at dei 60 prosent av mjøkeprodusentane som framleis har båsfjøs, kan erstattast med 20-25 kyrs-bruk med rundt 200 000 liter i mjøkekvote. I dag kan det la seg gjere å bygge framtidsretta for denne gruppa av mjøkeprodusentar.

## 6 Kvalitative data

Som nemnt i kapittel 2.4.3, så har vi analysert dei semi-strukturerte intervjuia i tre ledd for å kunne svare på problemstillingane i prosjektet. Datamaterialet er omfattande på den måten at det dekker eit breitt tematisk område. Gjennom analyseprosessen har vi prøvd å sortere og tematisere funna for å best mogleg kunne svare på problemstillingane.

### 6.1 Korleis deltararane oppfattar situasjonen i landbruket

Dei fleste deltararane vi har intervjuia, omtalar på ein eller annan måte korleis dei oppfattar dagens situasjon i landbruket. Den tematiske analysen resulterte i nokre tema knytt til denne oppfatninga, desse er:

- **Avskaling og framtidstru**

Av gardbrukarane er det berre to (av ni) som har sikra overtaking til neste generasjon, og det ser ut til å vere ein viss skepsis til å oppfordre barna til å overta gardsbruket. Dette er knytt til betre mogleheter for anna lønna arbeid mange stader. Det vert uttrykt ein del misnøye med lønnsemada i mjølkeproduksjonen i dag, noko som gjer det vanskeleg å sjå for seg korleis det skal bli i framtida.

Frå samtalane med utbyggjarar og rådgivingstenestene er det mange bønder med båsfjøs som framleis sit på gjerdet, særleg dei mindre brukarane som har få driftsplanen til å gå opp i samband med utbygging. Det er ikkje sikkert at ein ønskjer å produsere mat og drive med husdyrhald, uttalar ein respondent. Ein anna uttalar at avskaling av mjølkebruk er uunngåeleg i tida framover.

Fleire av gardbrukarane fortel at dei har sett fleire og fleire nabogardar legge ned drifta dei siste åra. Særleg i nord er det fleire av dei vi har snakka med, som fortel at dei er einaste mjølkeprodusenten att i bygda. Likevel peikar ein av gardbrukarane på at det er meir optimisme blant ferske bønder.

Sjølv om fleire av produsentane er misnøgde med lønnsemada og synest at det er mykje arbeid med mjølkebruk, så er det mjølka som «gir best resultat av arbeidet».

«*Frykta for å begynne i fast arbeid, er større enn frykta for å mjølke*» (I211)

- **Volum og teknologi**

Dei som har bygd mjølcefjøs dei siste tjue åra, har rasjonalisert og mekanisert for å handtera volum – det er større bruk. For dei mindre produsentane som no står att og skal vurdera å bygge om til lausdrift, er ikkje volum løysninga, uttaler ein av prosjektmedarbeidarane vi intervjuia. Det er også tilsynelatande for lite merksemad på driftskostnadene i høgteknologiske fjøs som er energikrevjande. Lønnsemad i driftsplan og knapt ressursgrunnlag gjer volumauke, og omfattande mekanisering er vanskeleg for mange av dei som nå skal bygge om.

«*Mange hadde blitt større om dei hadde hatt tilgang på meir areal*» (I215)

- **Geografiske forskjellar**

I Nord-Noreg er det sett på som dyrare å bygge fjøs, og det er få små bruk som melder seg for ombygging (dei under 30 kyr) ifølge Innovasjon Noreg. I Troms og Finnmark er IN banken for mange prosjekta, da det er få private bankar som vil gå inn i prosjekta. Dette kan skuldast verdivurdering av garden og mangel på sikkerheit blant anna. Det er vidare få rådgjevarar og stort sett TINE Rådgiving eller NLR som prosjekterer. Dei fleste bygga i nord er nybygg, da tilstanden på eksisterande fjøskasse er dårlig mange stader og få kan bruke dei opp att. Likevel er det no fleire mindre bruk som prøver å bruke gamlefjøset, og det er vanlegare for rådgivinga å vurdere den eldre bygningsmassen, ifølge IN. Kompetansetilgangen og tilgangen på entreprenørar som kan landbruksbygg, er det også mangel på i nord, samanlikna med til dømes Rogaland/Jæren. Det ser ut å vere ein del kulturforskellar i

prosjektering, rådgiving og gjennomføring knytt til geografi. På Jæren er det færre av dei nasjonale entreprenørane som er inne i prosjekta, og dei har ein meir lokal marknad for landbruksbygg med stor tilgang på kompetanse. Eksterne planleggarar som NLR, er mindre vanleg på Jæren ifølge byggentreprenørar.

*«På Jæren har det vore bygt så mykje. Og det er ein del firma som er spesialiserte på det [landbruksbygg]. [Noko] som gjer at ein har spissa og spissa, som gjer at ein klarar å bygge til dei prisane. Det er nok den kompetansen, som gjerne ikkje er i alle deler av landet.»* (I228)

- **Endring i entreprenørmarknaden**

Dei siste åra har det òg vorte ei endring i entreprenørmarknaden i Noreg. Det er få aktørar som kan bygge fjøs i dag, er det fleire av byggentreprenørane som vi har intervjuat peikar på. Innimellom dukkar det opp aktørar som skal prøve seg i marknaden og bygge «veldig billig», men dei går konkurs etter nokre år, uttaler ein. Likevel er det nokon som meiner at det er fleire som planlegg fjøs no enn før.

*«Nå ser vi at det er ein og to og tre aktørar inne på same sak. Alle jobbar med planlegging av fjøs for ein enkeltståande bonde. Det er for meg eit tankekors. Det er små marginale prosjekt. Bonden må betale heile denne kaka til slutt uansett. [...] I store prosjekt, til dømes for gris og også delvis på ku, kan det vere ein meirverdi i å ha fleire involvert, men her manglar kanskje kompetanse. Men skal ein planlegge eit fjøs for femten kyr, er det mange meininger om korleis det skal sjå ut. Samtidig er det lite fokus på å kutte kostnader, det blir planlagt for det optimale fjøset som har løysningar som gir gevinst med 100 kyr, men kanskje ikkje for 15.»* (I212)

Det ser også ut til å vere noko endring i entrepriseform, og kva som er mest vanleg. Der det tidlegare har vore mest vanleg med utførslesentreprise – med betre høve til å samanlikne mellom ulike tilbydarar – er det nå meir og meir vanleg med totalentreprise (med prosjektering, utførsle og oppfølging i eitt), peika enkelte på. Entreprenørane opererer som totalentreprenørar.

I Nord-Noreg, særleg i Finnmark er det ikkje like god kompetanse på landbruksbygg hos dei lokale entreprenørane (mest hamn og kai), vert det sagt. Og det finst ikkje reine landbruksentreprenørar i Aust-Finnmark. Når kompetansen på landbruksbygg manglar, fører det også til at det blir dyrare med til dømes betongarbeid. Ikkje fordi entreprenørane «lurer» bonden, men fordi det rett og slett tek lengre tid å gjera jobben. Berre mellom Agder og Jæren ser ein eksempel på slike forskellar, uttalte ein entreprenør (Bogstad m.fl., 2023). Ei anna endring ein ser i nord blant anna, er at det er svekka konkurranse blant betongleverandørar og handtverkarar. Betong vert bestilt frå blandeverk med lange avstandar, og til mindre bygningars blir det lite effektiv utnytting av transporten. Endra regelverk på betongkvalitet gjer det vanskelegare med eigeninnsats på betong, og mindre moglegheit for å bruke lokale handverkarar.

- **Realitetsorientering**

Det er viktig å ikkje bomme på å forstå kva gruppe som nå står overfor utbygging, dei små og mellomstore brukarar. Ein sentral del av vellykka omlegging til lausdrift må vere å forstå deira moglegheiter, og ha realisme og gode planar i prosjekta, går det fram av intervjuia.

Ein informant uttalte at det er realitetsorienteringa som manglar. Driftsplanane tar ikkje godt nok omsyn til ressursgrunnlaget og mangel på areal, samtidig som ein ikkje dimensjonerer fjøsa etter dei mindre buskapane.

Likevel verkar det som det er betre realisme i driftsplanane nå enn for ti år sidan, då prosjekta skulle realiserast til ein kvar pris. Den gang var det mykje kritikk til planleggarane. Nå vert det lagt inn større grad av usikkerheit, vert det sagt.

## 6.2 Utfordringar og barrierar ved omlegging til lausdrift og gjennomføring av byggeprosjekt

Det er klart at det er fleire utfordringar knytt til gjennomføring av byggeprosjekt generelt, og til omstilling til lausdriftskravet spesielt. Basert på intervjuet vi har gjort, har det dukka opp nokre tema for kva slag utfordringar og barrierar som står fram som viktige.

- **Lønnsemd**

Som nemnt i kapitel 6.1, er det ei utfordring å få lønnsemd i driftsplanar og prosjekt med mindre buskapar og knappare tilgang på areal. Det kan også vere ei utfordring å etablere eigarskap til tala i driftsplanane hos bonden. Dette kan til dømes skuldast at ein ikkje er like «stødig» på det økonomiske, som det driftsmessige. På mindre prosjekt må ein kanskje leggje inn lønnsinntekt utanom garden for å få driftsplanen til å gå opp, og det vert gjerne lagt inn inntekt frå ektefelle, men det varierer kor vanleg dette er. Dette kan vere ei stor utfordring. Med utbygging må ein arbeida meir, og det avgrensar kva hove ein har for å arbeida utanom garden. Ei anna utfordring kan vere at dei mindre prosjekta i grisgrendte strøk slit med å få entreprenørar til å gjera jobben. Det er altså ikkje ein garanti om prosjektet er lønnsamt, at det kan gjennomførast. Bonden kan kanskje oppleva å ikkje få tilbod, fordi eit mindre ombyggingsprosjekt ikkje er stort nok til å vekke interesse hos dei større entreprenørane, og dei lokale har ikkje kapasitet (konkurranse med anna næring med vidare).

Det at det manglar eigarskap til tala i driftsplanane, er òg ei utfordring, og mange bommar på dette med faste kostnadene. Sjølv om byggeprosjektet går greitt og ein klarer seg gjennom det, så er det dermed ikkje sagt at ein er ute av faresona. Låna og driftskostnadane kan ta knekken på økonomien på sikt, uavhengig av kor godt byggeprosjektet vart gjennomført. Kostnader til driftsmidlar og energi gir stort utslag, og mange undervurderer privatforbruk, til dømes.

«*Det er noko fundamentalt gale om du ikkje kan tene på produksjonen» (I215)*

- **Ressursgrunnlag**

Å ha tilstrekkeleg ressursgrunnlag for lønnsam utbygging er ofte ei utfordring. Banken krev gjerne at ein skal ha 80 prosent av ressursgrunnlaget på plass innan lånet vert løyvd. I tillegg må ein ha ein plan for dei resterande 20 prosentane. Kor lett det er å få på plass gode avtalar om jordleige, kan variera frå stad til stad, og etter kor mykje konkurranse det er om areala. I område med stor aktivitet er det kamp om jorda. Det er også vel så viktig å sørge for at bonden har gode og langsiktige kontraktar for leigejorda. Det er ein større risiko med kortssiktige avtalar før oppstart av eit byggeprosjekt. I område med fragmentert areal kan det vere behov for mange leigeavtalar for ein enkelt bonde, noko som også er ei utfordring å halde styr på. Dersom det er lange avstandar, blir det større driftskostnader knytt til «dekk og diesel». Ei anna utfordring er at det ofte er behov for meir/betre utstyr når ein aukar arealet. Det er meir krevjande å drifte, og ein treng kanskje ein større traktor eller ei større gjødselvogn.

Ein av bøndene vi snakka med, la vekt på at agronomien i drifta av jorda er ei utfordring. Dei har ikkje økonomi til å drive med god agronomi.

Det at IN har lansert ei ressursavklaringsordning i forkant av søknader til byggeprosjekt, vert trekt fram som ei positiv utvikling som kan gi meir realisme i avgjerdsprosessen.

- **Grundig planlegging**

Ifolge ein av respondentane skil Noreg seg frå Danmark og Sverige i planleggingsprosessen av eit nytt fjøs; i Noreg er det meir vanleg å «starta i feil ende»:

«*I Noreg er det ofte at ein teiknar fjøset først utan å ha oversikt over lønnsemd og kva som er realiserbart, for så å gå mange rundar for å tilpasse prosjektet til det som er mogleg å gjennomføre, ein kunne i mange tilfelle starta i andre enden, dette kostar også pengar.» (I212)*

Utfordringa med grundig planlegging heng også saman med dei andre utfordringane, til dømes med ressursgrunnlag og lønnsemrd. God planlegging er ikkje berre knytt til planlegging av sjølve byggeprosjektet, men også til driftsplanlegging (og ressursavklaring). Det er eit problem at det vert tatt for lett på driftsplanlegging til dømes. Driftsplanane er ofte gode på dekningsbidragsnivå, men så manglar det på faste kostnader. Starten av prosessen må alltid vere kor mykje ein kan investere for. Dette kan vere lett i teorien, men vanskeleg i praksis.

Gardbrukarane trekker også fram planlegging som ei utfordring. Både at det er lett å undervurdere kor lang tid det tek å gjera ting, men også at det er viktig med god planlegging slik at fjøset blir rett første gong.

Vidare kan det vere vanskeleg å estimere kostnad og tidsbruk ved ombyggingsprosjekt. Det er større usikkerheit og høve til overraskingar underveis. Til dømes om ein skal bruke opp att gjødselkjellaren og ikkje har fått gjort ei god nok tilstandsvurdering på forhånd.

God planlegging handlar også om at ein må hugse på at ein skal oppretthalde drifta underveis i byggeprosessen. Det handlar like mykje om buskapsplanlegging, kalvestell, beiteslepp og fôr, som om faktiske byggeplanar.

#### • **Sosial berekraft og motivasjon**

Som nemnt i kapittel 6.1, er det fleire av gardbrukarane som ser på framtidsutsiktene i mjølkeproduksjonen som ei utfordring fordi det er vanskeleg å sjå for seg korleis det skal bli i framtida. Andre næringar konkurrerer med jordbruken om arbeidskrafta i mange delar av landet, og det er til dømes vanskeleg å få tak i avløysar i nord på grunn av konkurranse med fisk og havbruk, ifølgje enkelte. Dette heng også saman med at det er lange avstandar mange stader i landet, og sjølv om ein kan få tak i avløysar, er det dyrt å få dei til gards. Ein bonde peika på at dei ikkje har buplass på garden, og da blir det dyrt med avløysar som må køyre langt fram og tilbake. Tidlegare kunne ein dele avløysar med naboen, men det blir stadig færre produsentar å samarbeide med om arbeidskraft. For bønder som er deltidsprodusentar og har anna arbeid på sida, gir arbeidsmiljø i den andre jobben eit sosialt nettverk, men det kan vere ei utfordring dersom ein er bonde på heiltid og ikkje har eit godt kontaktnett.

Det at lønnsemda er därleg for mange, går også utover motivasjonen. Ein gardbrukar påpekte at han ikkje hadde bygd i dag, hadde han visst da det han veit nå. Fleire respondentar trekte fram dette med motivasjon og at ein ikkje kan motivera nokon som ikkje er motivert, samtidig som ein må få tak i dei som faktisk er det. Eit anna poeng som dukka opp, var at motivasjon er ein føresetnad for å bli god. Likevel held det kanskje ikkje med motivasjon dersom lønnsemda ikkje gjev deg nok handlingsrom og tid til å fokusera på beste praksis. Her er det ein «høna eller egget»-situasjon. Er motivasjon ein føresetnad for god lønnsemrd, eller går därleg lønnsemrd ut over motivasjonen (og dermed evna til å vere «god»)?

Dette handlar også om avklaring på forhånd, og realisme i planane. Det kan vere ei utfordring at ein som gardbrukar ikkje torer å seie at ein ikkje er motivert eller vil gi seg. Ei bekymring som blei uttrykt i fokusgruppa, var at i-mek-seljarane er meir oppsökande, og såleis kan føre til «overmotivering». Samtidig så har alle gardbrukarar ulike utgangspunkt og ulik motivasjon, og kanskje er det slik som ein av bøndene sa, at frykta for fast arbeid er større enn frykta for å mjølke. Er det tilstrekkeleg motivasjon?

#### • **Mangel på kompetanse**

Ei klar utfordring i gjennomføring av byggeprosjekt på landbruksbygg er mangel på kompetanse i ulike ledd av prosessen. Til dømes er det fleire av landbrukskontora som i dag manglar kompetanse på bygg, uttalte ein intervjuedeltakar. Tilsvarande er det varierande kompetanse på landbruksbygg hos lokale entreprenørar. Dei har kanskje lågare timebetaling, men brukar fort lengre tid og prosjektet blir dyrare. Særleg mjølkebruk er avanserte bygg, spesielt med tanke på betongarbeid.

Etter at det kom krav om ansvarlege føretak i regelverket, mista mange av «dei allsidige bygdehandverkarane» høve til å gjera til dømes betongarbeidet sjølv. Ein har i større grad blitt avhengig av handverkbedrifter som har høgare timepris, uttalte ein av respondentane. I nord er det ikkje mangel berre på kompetanse, men også mangel på ressursar i rådgivinga, noko som er ei utfordring.

Når det gjeld det å kalkulere kostnader og forhandle på prisar, er det noko sprikande synspunkt i materialet. Ein intervjudeltakar meinte at rådgivningsapparatet manglar kompetanse på å sette rette kostnader i planlegging av bygg, mens ein annan meinte at det burde gjerast meir for å førebu bonden på å forhandle på pris og korleis få ned kostnadene.

*«Før hadde fylkesmannen byggretteiar. Dei som lagar planer for bygg nå, har tabellar for kostnader. Det er opp til bonden å forhandle prisane ned. Ein burde gjere meir, og ha ein prosess rundt forhandling av pris. Førebu bonden på det. Korleis få ned kostnadene. Ta det i etappar, puljer. Ikkje draumeløysing på ein gong. Det har ikkje tidlegare vore kommunisert så sterkt.»* (I215)

- **Nettverk og produsentmiljø**

Det er stor nedgang i tal mjølkebruk, særleg i meir marginale strøk som på Vestlandet og i Nord-Noreg. Nokre kommunar skil seg ut med godt produsentmiljø, meieri, Felleskjøpet m.m.. Men så er det mange stader fleire og fleire legg ned, det er lange avstandar til nærmaste nabo, og ein har lite tid til kontakt med andre bønder. Av dei gardbrukarane vi har intervjuia, hevdar fleire at det er mangel på produsentmiljø. Er det eit nettverk av andre gardbrukarar i nærområdet, kan ein prate om utfordringar, bidra til fagleg utvikling og «konkurrere litt», som ein sa. For mange er dette eit sakn. Færre bønder medfører færre møteplassar og mindre sosialt. Dette heng heilt klart saman med utfordringane knytt til sosial berekraft og motivasjon.

- **Marknad, konkurranse og pristilgang**

Det kom opp i intervjuia at marknaden og konkuransen for landbruksbygg har endra seg dei siste åra, og enkelte opplevde at det var mindre tilgang på prisar for oppbygging av kalkylar. Det er klart ei utfordring med tanke på presise kostnadsoverslag, og kan føre til utfordringar med å halde budsjettet for den enkelte bonden. Generelt har utviklinga i bransjen ført til at prisane er mindre transparente, vert det sagt. Rådgivningsapparatet må ofte bruke erfaringsbaserte prisar, og enkelte av respondentane stiller spørsmål ved om dei har god nok kjennskap til faktiske prisar.

Samtidig er det forskjell på kven som prosjekterer, og dersom TINE eller NLR ikkje set ut prosjektet på tilbod, må entreprenørane uansett prosjektere/teikne på nytt, slik vi forstår det. Enkelte opplever i-mekleverandørane som proteksjonistiske. Sjølv om det kan vere ein god grunn til det, kan det vere ei utfordring. Å få til tilstrekkeleg prosjektering på prosjekt, med tilhøyrande nødvendig dokumentasjon, er noko enkelte i systemet opplever som vanskeleg.

Leverandørane/entreprenørane er også rådgjevarar i brei forstand, og slik som nemnt i kapittel 6.1, er det fleire i dag som skal bidra til planlegginga av eit fjøs. Men det handlar også om prosess. Nokre av intervjudeltakarane peika på at mange gardbrukarar inngår avtale med leverandør/entreprenør utan å sjå på alternativ, og det er særleg ei utfordring at dei gardbrukarane som nå står att, ikkje er vane med avgjersler av denne typen.

Det kan dukke opp mykje uføresett i ein byggeprosess, og endringar undervegs kan vere kostnadsdrivande. Sjølv om det er noko usemje mellom aktørane vi har intervjuia når det kjem til slike spørsmål, er det uttrykt eit ønske om betre samarbeid mellom instansar og ei meir heilsakleg teneste knytt til byggplanlegging og gjennomføring.

- **Eigeninnsats**

Utfordringa med planlegging heng også i hop med kor mykje eigeninnsats ein skal leggje inn i prosjektet. Dersom ein ikkje har eit realistisk forhold til eigen kapasitet, er grad av eigeninnsats noko som kan forlenge byggeperioden og auke kostnaden. Mange vurderer kanskje heller ikkje realistisk nok kor fort

dei skal klare å komme opp på prognosert produksjonsnivå etter bygging, og overkompenserer med eigeninnsats i byggeperioden som så går utover drifta i ettertid. Drifta undervegs i byggeprosessen er viktig og avgjerande for kor vellykka produksjonen blir etter ferdigstilling. Ofte kan viktige fasar av byggeprosessen falle saman med intensive arbeidsperiodar i sesongen.

Sjølv om det gjekk bra for dei fleste produsentane vi intervjuja, er det enkelte som skulle ønskje at dei ikkje gjorde så mykje eigeninnsats sjølv. Samtidig er eigeninnsats ein sentral faktor for å spare på byggekostnadene. At kostnadene for å bygge fjøs generelt aukar, gjer at mange vil kompensera ved å gjera meir sjølv. Korleis eigeninnsatsen blir verdsett eller kven ein kan føra eigeninnsats på, kan også vere viktig for enkelte. Til dømes får ein ikkje godt nok kompensert for eigeninnsatsen sjølv om ein har fagbrev. Dette skjer fordi IN har standardsatsar på eigeninnsats og ikkje differensierer etter kompetanse.

Det kan også vere ei utfordring at endringar i regelverket kan gjere det vanskeleg å leggje inn eigeninnsats på enkelte oppgåver.

- **Tilpassing til ny drift**

Som nemnt i føregåande kapitel, kan eigeninnsatsen påverke evna til å komme opp på planlagt nivå etter bygging. Det kan også vere enkelte som har vore for positive i driftsplanane sine med tanke på kor fort dei til dømes skal klare å fylle ny kvote. Fleire trekker fram at ein må ta omsyn til buskap og rekruttering i planleggingsfasen, og det er også knytt til kostnader. Det handlar i stor grad om å vurdera følgjekostnadene i drifta etter utbygging, og at ein må vere betre på å vurdere likviditetsbehovet, vert det hevda av enkelte.

- **Byggeprosess og ansvar**

Det kan vere ei utfordring for bonden å vere klar over kven som står ansvarleg i byggeprosessen. At ein som utbygger ikkje forstår godt nok kontraktane med entreprenør og leverandør, kan by på problem, særleg dersom det skulle oppstå tvistar eller forseinkingar. Dersom bonden sjølv både er byggherre og byggleiar, kan det by på visse utfordringar, og ein må følgje med i prosessen undervegs i tillegg til å leggje inn eventuell eigeninnsats og drifte garden.

Kontraktstype heng saman med entrepriseform, og det kjem fram av intervjuja at det er fleire som misforstår entrepriseforma eller ikkje godt nok forstår kontraktane som ligg til grunn for arbeidet. Dette er eit motiv for å engasjera ein ekstern byggleiar.

## 6.3 Kvifor lykkast nokon? Tiltak med positiv effekt på agronomi og økonomi

For å svare på problemstillinga om kva som gjer at enkelte bønder lykkast med ombygging, og kva tiltak som har positiv effekt på agronomi og økonomi, har vi analysert intervjuumaterialet tematisk etter «suksesskriterium», «tiltak med positiv effekt» og «korleis ein kan redusera kostnader». Denne problemstillinga vil også bli omtalt i gjennomgangen fôringsliggebåscasen til TINE i kapittel 7.

- **Suksesskriterium**

I analysen av intervjuja har vi sett på nokre sukseskriterium for omstilling til lausdrift:

- *Økonomisk teft og realitetsorientering.* Av dette realistisk driftsplanlegging og eigarskap til dei økonomiske føresetnadene. Planlegginga må forankrast i økonomi og ressursgrunnlag, ikkje «draumescenariet». Det må vere eit godt gjennomarbeida prosjekt.
- *Lønnsemnd i produksjonen.* At driftsplanen går opp, og at det er høve til å tene på (eller leve av) produksjonen i ettertid, er viktig for å lykkast med utbygging. Dette punktet heng også i saman

med det føregåande om god driftsplanlegging og realisme. Da gjeld det å ta tilstrekkeleg høgde for eventuelle auka driftskostnader etter bygging.

- *Motivasjon, interesse og kompetanse.* Det kom fram av fleire av intervjuia at ein viktig suksessfaktor er at bonden er interessert. Om ein vil det nok, klarar ein det som regel. At dei som bygger om til lausdrift er interesserte i å drive godt og er motiverte for framtida, er klart eit vesentleg kriterium for å lykkast. Kompetanse er også vesentleg – særleg om drifta og produksjonen. I tillegg til å vere medviten om kva ein kan og kva ein ikkje kan (som er viktig når ein skal vurdera eigeninnsats, til dømes).
- *God byggeleiing, samarbeid og oppfølging.* At byggeleiari (enten det er bonden sjølv eller ein ekstern) har god kontroll på byggeprosessen undervegs, er avgjerande for eit vellykka prosjekt. At ein har ein ekstern byggeleiari kan vere ein fordel dersom det skulle oppstå tvistar, vert det sagt av enkelte. Uansett er det viktig med godt samarbeid mellom instansane og faga som skal inn undervegs, og at det blir følgt opp tilstrekkeleg for å unngå forseinkingar og ekstra kostnadar. Dette kan sjølv sagt også vere svært personavhengig.
- *Langsiktig tenking.* Ein må som gardbrukar planlegge langt fram i tid, særleg når ein bygger fjøs som har ei planlagt levetid på 30-40 år. At ein tenkjer på korleis ein ønskjer å drive framover, og reflektera over framtida og potensialet i drifta kan vere viktige suksesspunkt. Bør ein bygge i fleire etappar? Samtidig må ein bygge for seg sjølv, og ein kan ikkje ta høgde for at neste generasjon ønskjer å ta over – det heng òg saman med punkt 3 over.
- *Eigeninnsats etter evne og føresetnader.* Enkelte gardbrukarar trekker fram eigeninnsats som eit sentralt suksesspunkt. Samtidig er det mange i apparatet rundt som er skeptiske til at bonden legg opp til for mykje eigeninnsats. Realistisk nivå av eigeninnsats er kanskje det som er vesentleg på dette punktet. For mange er det det einaste som får prosjektet til å gå opp, og mange har også kompetanse og kunnskap som eignar seg godt til å legge inn eigeninnsats i eit byggeprosjekt.

- **Tiltak med positiv effekt**

Den kvalitative analysen har vist at det er store individuelle forskjellar frå bruk til bruk på kva tiltak som har ein positiv økonomisk og agronomisk verknad. Funna frå datamaterialet kan ikkje generaliserast, men viser nokre konkrete eksempeldelt i fire kategoriar:

- *Oppgradering gjer betre arbeidsmiljø*
- *Meir fleksibilitet med mjølkerobot*
- *Uisolerte fjøs kan gi godt fjøsmiljø og god produksjon*
- *Rolege fjøs gir rolege dyr*

Oppgradering av fjøset gir betre arbeidsmiljø for bonden. Dette er avhengig av kva løysning ein hadde før ombygging, men både mjølkestall og robot viser seg å gjøre fjøsstallet lettare for mange. Ein får meir tid til andre ting. Med robot har ein også fordelen av mindre belastning på kroppen, og meir fleksibilitet. Det kan derimot gå ein del tid på å lære nye kviger å mjølke seg.

Enkelte hevdar at jamn fôring gir positivt utslag på tørrstoffinnhold i mjølka, og at fôringssliggebås er ei løysning som kan gi jamn førtilgang (utan at desse to nødvendigvis er like). Dette blir det meir om i kapittel 7.

Videre vert nettverkssamlingar og initiativ som sørger for miljø blant likesinna produsentar opplevde som positive, sosiale og lærerike.

Det er berre éin av informantane som har uisolert bygg, men dette blir omtalt som eit tiltak med positiv effekt på fjøsmiljø og dyrehelse. Derimot er det avhengig av klima og plassering, og det kan naturlegvis ikkje tilrådast for alle. Likevel er dette for enkelte ein god måte å spare kostnader på.

I dei kvalitative intervjuia i prosjektet har god planlegging visst seg å vere noko som mange trekker fram som viktig. Hansen m.fl. (2017), har samanlikna store utbyggingsbruk i Rogaland og sett på kva som er viktige faktorar for å få til ei vellykka utbygging og ein god produksjon etter utbygging. Viktige føresetnader for god lønnsemd er å drive godt, og deretter å ha god kostnadskontroll på maskinkostnadane. Bønder som diskuterte maskiner med andre bønder investerte mindre i maskiner enn dei som hadde mindre nettverk. Dei fann at driftsplanar fort blir utdaterte, først og fremst på grunn av underestimerte faste kostnader og investeringar som ikkje var planlagde i driftsplanen. Driftsplanane vart heller ikkje tatt i bruk i åra etter utbygging, og fungerte dermed ikkje som eit verktøy for driftsleiaren-. I konklusjonen blir det foreslått å dele utbyggingsperioden i tre fasar, før, under og etter utbygging. Før utbygging er kalla planleggingsfasen. Involvering av familien og avgjerd om eigeninnsats i byggeperioden er aktuell her, planlegging av framtidige investeringar må på plass. Konkrete planar om buskapsauke, plan for kvotefylling og førproduksjon skal planleggast. I endringsfasen vert fjøset bygt og teke i bruk. Det kan vere aktuelt å utføre eigeninnsats, samtidig må ein

halde i gang produksjonen på garden på ein god måte. Dyretal og areal må tilpassast produksjonsvolumet og det nye driftsopplegget. I driftsfasen er fokuset å få drifta opp til det planlagde nivået, og optimere drifta utifrå rammene og ressursane som er tilgjengeleg på garden. Ein må her utvikle gode rutinar for å møte dei nye produksjonsmåla.

Prosjekt Innlandsfjøset peikar på at det er viktig å vere bevisst kva fase ein er i, og for eksempel ikkje signere avtalar med entreprenørar før planen er godt gjennomarbeidd. Slik kan ein sikra at ei investering vil gje god lønnsemd både på kort og lang sikt. Prosjekt Innlandsfjøset har hatt også hatt fokus på langsiktig planlegging. Om ein ikkje har økonomi til å ta alle investeringane samstundes, bør ein dele opp investeringane i fleire etappar. Då må ein ha ein langsiktig plan så ein ikkje läser framtidig bygging, eller må gjere ting oppatt.

### 8.1.2 Arbeidstimar og tilgang på avløysar

I rapporten frå Hansen m.fl. (2017), blir det referert til ein bonde som ikkje var klar over kor kostbar førproduksjonen kom til å bli før investering. Maskiner og bruk av entreprenør vart mykje dyrare enn forventa. Kan det vere at ein for seint innser at innhaustinga må gå fortare i daa/ time enn før, og at dette kostar fordi ein må ha større maskiner med større kapasitet. Dette er det viktig å vere klar over før ein investerer. Kven skal utføre desse timane, skal ein gå ned på timer ein brukar på andre ting, eller skal ein leige inn avløysar eller kjøpe større maskiner

I stiftelsen Norsk mat si undersøking om skader og ulykker i landbruket var det mange bønder som utdypa tema om helsehjelp til bønder (Logstein m.fl., 2023). Undersøkinga viste blant anna at mange bønder opplever det som krevjande å få avløysar når det er behov. Det ser delvis ut til å skyldast ingen eller liten tilgang til avløysarar der ein bur. I tillegg ser det ut til å vere eit kostnadsspørsmål. Nokre bønder seier at dei ikkje har økonomi til å bruke avløysar ved sjukdom eller når dei skal til lege/ behandling på sjukehus. Dette har vi også fanga opp gjennom intervjuia. I enkelte område og for mange bruk er det vanskeleg og dyrt å skaffe avløysar når dei treng det. Det gir ein arbeidskvardag med lite ferie og fritid, og gjer det vanskeleg å kombinere arbeidet med for eksempel familie. Det er derfor ein viktig føresetnad at ein før investering har ein plan for kven som skal utføre alle timane, og at ein har tilgang til dei ressursane som skal til både på kort og lang sikt.

I perioden under bygging må ein også passe på å tilpasse eigeninnsatsen slik at ein ikkje slit seg ut. Hansen m.fl. (2017), fann i intervjuia sine at dei som hadde opplevd at eigeninnsatsen under bygging var uproblematisk, hadde meir kvotefylling enn dei som ikkje opplevde det. Den kvalitative analysen i dette prosjektet viste også at eigeninnsats etter evne var ein faktor som mange meinte var positiv når det gjaldt å redusere kostnader i ein byggeprosess.

### 8.1.3 Bruk av driftsplan og likviditetsbehov

Hansen m.fl. (2017), fann i intervjuia sine at driftsplan i liten grad blir brukt som eit verktøy til å ta avgjærder i åra etter byggeåret. Berre 10 av 36 bønder hadde sett på driftsplanen etter oppstart. Rekneskapen til bøndene skilte seg tydeleg frå driftsplanen allereie frå år to. Det blir foreslått å inkludere i større grad mål og visjon for framtida som ein del av budsjettet. Rullande prognosar er eit betre verktøy enn driftsplan i åra etter bygging for å følgje opp driftsplanen i dei kritiske åra etter bygging. Da er det viktig at den rullande prognosan er enkel og blir brukt på dei mest kritisk føresetnadane som ligg i driftsplanen. Dei må også vere relevante for bonden på eit operasjonelt nivå i den daglege drifta. Dette kan vere tal som mjølkeavdrått per ku, mjølkeinntekt per månad, kvotefylling, forbehov og forkostnader. Det bør også vere inkludert faste kostnader som maskinkostnader, gjerne kombinert med samanlikning med andre gardar.

I dei kvalitative delen av dette prosjektet er det gjennom intervjuia kome fram at spesielt bankane ønsker meir fokus på likviditet, og at driftsplanen i for liten grad omfattar likviditetsbehovet til bonden. Likviditet er evna bonden har til å betale rekningane ved forfall. Spesielt i byggeperioden er det viktig å

ha oversikt over kor mykje arbeid som er gjort av entreprenør, og sjå det i samanheng med innkomne fakturaer. Dette for å unngå at ein ikkje betaler for meir arbeid enn det som er utført. Det er mogleg å søke Innovasjon Norge om å få utbetalt deler av tilskot undervegs i arbeidet. Det er også mogleg å ha momsoppgjer annankvar månad, og få tilbakebetalt moms (meirverdiavgift) raskare i byggeperioden for slik å betre likviditeten. Om ein aukar produksjonen, vil det bli behov for å auke buskapen. Dette er det viktig ha ein god plan for. Drektige kviger er kostbare, så det vil vere gunstig å planlegge langsiktig og starte rekruttering tidleg. Dette kan ein gjere ved å kjøpe kvigekalvar på eit tidleg tidspunkt. Kvigen vil då vere kalveklare når bygget står ferdig. Eit anna alternativ kan vere bruk av kjønnsseparert sæd ved inseminering. Dette er ein del av den første planleggingsfasen der alt skal vere tenkt igjennom, og planen skal vere fastsett.

# 9 Konklusjonar

## 9.1 Råd til gardbrukarar, rådgivinga og forvaltninga

### • Råd til gardbrukarar

- 1) *Ta eigarskap og kontroll* over både økonomien og prosessen.
- 2) *Sett av nok tid og ressursar til planlegging.* Det er viktig med eit godt gjennomarbeida prosjekt, forankra i økonomiske og ressursbaserte forutsetningar. God planlegging handlar også om at ein må hugse på at ein skal oppretthalde drifta undervegs i byggeprosessen.
- 3) *Vær nøktern og realistisk* med tanke på forutsetningar og potensiale/framtidsutsikta.
- 4) *Ha kalkylevett.* Sett deg inn i og forsøk å forstå kostnadsoverslag og driftsplan.
- 5) *Ha kontraktsvett.* Sett deg inn i kva for ein kontrakt som er eigna for ditt behov, les nøye kva som ligg bak, og be om hjelp/rådgiving dersom det er element du ikkje forstår.
- 6) *Tenk på dyra og drifta.* Å tenke på besetning, rekruttering og drift undervegs og etter bygging er sentralt for vellykka omstilling.
- 7) *Tenk på møkka.* Kostnader knytt til gjødselhandtering kan vere betydelege. Derfor er det viktig at du har tenkt godt gjennom kva for ein løysning du ønskjer å gå for, og kva som er mest praktisk på ditt bruk. «Collector» er billig, men eigner seg kanskje ikkje alle stadar. Betongarbeid på kjeller er dyrt, og skal man bruke eksisterande kjeller er det avhengig av ein god tilstandsvurdering. Kanskje bør du sette opp fleire alternativ i kostnadsoverslaget?
- 8) *Tenk på deg sjølv.* Du må bygge for deg sjølv, din arbeidskvardag og din drift og kompetanse.

### • Råd til rådgivingsapparatet

- 1) *Fasiliter eigarskap og ansvar.* Dette handlar om ein balanse mellom å ikkje «overmotivere», men samtidig oppfordre til eigarskap og ansvar for ein eventuell omstilling. Av dette bondens bestillerkompetanse.
- 2) *Vis prosessbevisstheit, rolleforståing og heilskapstankegang.* Punktet heng i saman med punkt 1, spesielt med tanke på rolleforståing knytt til kva som er eins eiga ansvar som rådgjevar, og kva som er bondens. Å ha evna til å tenke prosess i byggeprosjektet og heilheit i produksjonen er også viktig i denne forbindelse.
- 3) *Bruk kalkylevett og gjer ein grundig risikovurdering.* Her er det snakk om at ein som rådgjevar gjer fornuftige vurderingar som ein del av rådgivingsprosessen (både som byggrådgjevar og driftsplanleggjar), og at ein gjer vurderingar på fleire felt, også timesbruk. Risikovurderinga bør også ta omsyn til tida etter byggefase.
- 4) *Før dialog og legg til rette for samarbeid.* God kommunikasjon og samkøyring er viktig mellom rådgjevar og bonde, men også mellom alle instansane i ein byggeprosess. Dette er sjølvklart alle med-partar sitt ansvar, men rådgjevar kan bidra med å legge eit viktig grunnlag frå start.
- 5) *Vær nøktern og realistisk.* Som for gardbrukarane, så er det vel så viktig at rådgjevar er realistisk og nøktern når det er behov for det. Alle planar må vere basert på ressursgrunnlaget på garden.

- **Råd til forvaltninga**

- 1) *Skap møteplassar for produsentane.* Med stadig færre produsentar vil det vere viktig å skape sosiale og faglege møteplassar. Forsking viser at dess fleire samtalepartnarar bonden har, dess betre lønnsemid er det på bruket. Samtidig er det viktig for sosial helse å ha eit godt nettverk rundt seg.
- 2) *Legg til rette for at det er avløysarar tilgjengeleg etter behov med den kompetanse som er nødvendig.* For å fungere som bonde er det grunnleggande å kunna ta ut helgefri og feriar av og til for slik å få overskot til å vere ein god næringsutøvar.
- 3) *Bygg nettverk med rådgjevarar og entreprenørar og få oversikt over ressurspersonar og spisskompetanse.* Det er stor variasjon i landet når det gjeld tilgang på fagkunnskap. Derfor er det ekstra viktig å oppdatere seg på kva som er av lokale ressursar når det gjeld entreprenørar og fagekspertise.
- 4) *Følg opp gardbrukarar som vil satse.* Ein bonde som vil satse gjer det sannsynlegvis berre ein gong i driftstida si. Derfor er det viktig å støtte opp, og gje gode tips til kva slags ende bonden skal begynne i, og kva det kan vere viktig å hugse på.
- 5) *Informér om aktuelle tilskot frå Innovasjon Norge og framsnakk ressursavklaringsmidlane frå Innovasjon Norge.* Dette er viktig informasjon og kan vere avgjerande for om bonden får eit lønnsamt prosjekt eller ikkje. Ressursavklaringsmidlane på maksimalt kr 100 000 kan bidra til å gjere bonden sitt prosjekt grundig og godt planlagt, slik at det i andre enden blir ei lønnsam drift for bonden.
- 6) *Ver ein sparringspartnar ved å bruke metoden til Prosjekt Innlandsfjøset.* Når eit mindre bruk skal investere i lausdriftsfjøs er det ikkje alltid ressursar til å auke volumet, men tanke på tilgang på areal i nærlieken og kvote. Mindre bruk må i større grad ta bevisste val på kva som er nødvendig å investere i no, og kva som kan vente, enn større bruk som byggar nytt fjøs. Da må bonden i større grad gjennom ressursavklaringsmidlar, ta ein grundig jobb på kva som er tilgjengelege ressursar i dag av bygningar, maskiner, areal, kvote og menneskelege ressursar og kva status det er på ressursar som bygning og maskiner. I ein slik prosess vil det vere nyttig for bonden å ha ein diskusjonspartnar som bidreg til å finne den beste løysinga for garden gjennom bruk av Innlandsfjøsmetodikken.

Til sist: Det er viktig å ikkje ta for lett på krav til mjølkeproduksjon, dyrevelferd og bondevelferd.

## 10 Litteraturreferanse

- Barry, C., Ellingsen-Dalskau, K., Garmo, R.T., Grønmo Kischel, S., Winckler, C. og Kielland, C. (2023): "Obtaining an animal welfare status in Norwegian dairy herds—A mountain to climb". *Front. Vet. Sci.* 10:1125860. doi: 10.3389/fvets.2023.1125860  
<https://www.frontiersin.org/articles/10.3389/fvets.2023.1125860/full>
- Bayr, U., Strand, G., Dramstad, W. (2020). Indikatorer for landbruk over hele landet – Utvikling av en metode for resultatkontroll av landbrukspolitisk mål, NIBIO Rapport, 6 (65) 2020.
- Bogstad, M.H., Klimek, P.M., Haukås, T., Vasseljen, T. (2023). Utredning av byggekostnader og kapital for investering i driftsbygninger i landbruket. NIBIO Rapport, 9 (142) 2023.
- Byggstart.no. (2023, 4. desember). *Nøkkelferdig hus: En komplett guide (pris, regler, tips)*. Byggstart.no.  
<https://www.bryggstart.no/guide/nokkelferdig-hus>
- Direktoratet for byggkvalitet: "Byggteknisk forskrift (TEK17)". Retrieved from:  
<https://www.dibk.no/regelverk/byggteknisk-forskrift-tek17>
- Driftsgranskingane 2021. Retrieved from:  
<https://driftsgranskingane.nibio.no/drgr/hovudtabellar/index.php>
- Halland, A., Walland, F., Rustad, L. J., Haukås, T., & Hegrenes, A. (2021). Investeringsbehov innen melkeproduksjon. NIBIO Rapport, 7 (46) 2021.
- Hansen, B.G., Nærland, T.: «A comparison of whole farm budgets versus farm accounts and suggestion for future planning of farm expansion and economic management». *International Journal of Agricultural Management*, Volume 6, issue 2, 2017.
- Haukås, T., Olsen, A., Halland, A. (2022). Framtidig mjølkeproduksjon i Vestland fylke, NIBIO Rapport, 8 (6) 2022.
- Innlandet fylkeskommune. (2022). *Tiltaksplan for jordbruket i Innlandet, 2022-2024*. Retrieved from:  
[https://innlandetfylke.no/\\_f/p1/ic98832f6-c3b1-4c65-b253-b3cea5bec31c/tiltaksplan-for-jordbruket.pdf](https://innlandetfylke.no/_f/p1/ic98832f6-c3b1-4c65-b253-b3cea5bec31c/tiltaksplan-for-jordbruket.pdf)
- Innlandfjøset, nettside. Retrieved from  
<https://innlandsfjoset.com>
- Innovasjon Norge. *Tradisjonelt landbruk*. Retrieved 22.11.2023 from  
<https://www.innovasjonnorge.no/tjeneste/tradisjonelt-landbruk>
- Jordbruksavtale (2022-2023). *Jordbruksavtale 2022-2023 Inngått mellom staten, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag*.  
[https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/lmd/lover\\_regler/retningslinjer/2022/jordbruksavtale-2022-2023/id2921698/](https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/lmd/lover_regler/retningslinjer/2022/jordbruksavtale-2022-2023/id2921698/)
- Knutsen, H., Rye, S.P., Lund, P.O., Malasevska, I. (2022a): "Verdiskaping og sysselsetting i landbruk og landbruksbasert industri i Møre og Romsdal". NIBIO Rapport, (8 (64) 2022).
- Knutsen, H., Rye, S.P., Jenssen, E., Lund, P.O., Lerfald, M., Bern, A. (2022b): "Verdiskaping I landbruk og landbruksbasert industri i Vestland – oppdaterte berekninger basert på tal fra 2020". NIBIO Rapport 8 (102) 2022.
- Knutsen, H., Rye, S.P., Øyvind, H., Lerfald, M., Lund, P.O., Kvamme, S. (2020). «Verdiskaping og sysselsetting i landbruk og landbruksbasert industri i Nord-Norge. Oppdaterte beregninger basert på tall fra 2018». NIBIO Rapport 6 (108) 2020.
- Knutsen, H., Haukås, T., Kårstad, S., Lerfald, M., Kvamme, S. (2019). «Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemid i Rogaland – Oppdaterte berekningar 2019». NIBIO rapport 5 (38) 2019.
- Knutsen, H., Øvren, E. (2017): Verdiskaping fra tradisjonelt jordbruk og gårdsbasert tilleggsnæring i Telemark – oppdaterte beregninger 2017. NIBIO Rapport 3 (59) 2017.
- Landrø Hjelt, A., Mittenzwei, K., Sivertsen, H., Sand, R., Ystad, E. (2022). Investeringsutsikter blant trønderske melkebønder, NIBIO Rapport, 8 (113) 2022.
- Logstein, B., Winsvold, A., Arnes, H., Hvaleby, A.: «Helse, miljø og sikkerhet i landbruket. Resultater fra en spørreundersøkelse blant norske bønder i 2022.». Ruralis Rapport 1/ 2023.

- Lovdata.no: «Forskrift om hold av storfe». Retrieved from:  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-04-22-665>
- Lovdata.no: «Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)». Retrieved from:  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>
- Mattilsynet (2010). Veileder til forskrift om hold av storfe. Retrieved from  
[https://www.mattilsynet.no/om\\_mattilsynet/gjeldende\\_regelverk/veiledere/veileder\\_om\\_hold\\_av\\_storfe.1853/binary/Veileder%20om%20hold%20av%20storfe](https://www.mattilsynet.no/om_mattilsynet/gjeldende_regelverk/veiledere/veileder_om_hold_av_storfe.1853/binary/Veileder%20om%20hold%20av%20storfe)
- Mattilsynet. (2020). *Revisjon av holdforskriftene for storfe, svin, sau og geit*. Retrieved from  
[https://www.mattilsynet.no/dyr\\_og\\_dyrehold/dyrevelferd/revisjon\\_av\\_holdforskriftene\\_for\\_NIBIO\\_Jordbruksarealer\\_som\\_kan\\_vere\\_ute\\_av\\_drift?locationfilter=true](https://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/dyrevelferd/revisjon_av_holdforskriftene_for_NIBIO_Jordbruksarealer_som_kan_vere_ute_av_drift)
- Ruud, Lars Erik, prosjektleder *Prosjekt Innlandsfjøset*, pers.kommunikasjon.
- Sand, R., Haugset, A.S., Klimek, P., Knutsen, H., Rye, S.K.P.: «Kunnskapsgrunnlag for trøndersk landbruk – verdiskaping og ringvirkninger av landbruksbasert næring i Trøndelag». SINTEF 2023:00601.
- Standard Norge. *Kontraktstandarder – bygg. Anlegg og eiendom*. Retrieved from:  
<https://www.standard.no/fagomrader/kontrakter-og-blanketter/kontraktstandarder-bygg-anlegg-og-eiendom/>
- Standard Norge: «NS 3420». Retrieved from:  
<https://standard.no/fagomrader/ns-3420-/>
- SSB. (2021a). *64 prosent av mjølkekyrne i lausdriftsfjøs*, retrieved from:  
<https://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/jordbruk/artikler/64-prosent-av-mjolkekyrne-i-lausdriftsfjos>
- SSB. (2021b). *Landbrukstelling*. Retried from:  
<https://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/landbrukstellinger/statistikk/landbrukstelling>
- SSB. (2023a) Jordbruksareal i drift, år 2000 og 2023. Retrieved 06.11.2023 from:  
<https://www.ssb.no/statbank/table/04496/>
- SSB. (2023b). *Husdyrhald: 03790: Jordbruksbedrifter med husdyr per 1. mars, etter husdyrslag*. Retrieved 21.11.2023 from:  
<https://www.ssb.no/statbank/table/03790/>
- Stortingsproposisjon nr 12 (2002-2003). Retrieved from:  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stprp-nr-12-2002-2003-/id138274/?ch=1>
- Stortingsproposisjon nr 69 (2007-2008). Retrieved from:  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stprp-nr-69-2007-2008-/id515511/?ch=10>
- TINE 2023. Statistikksamling for ku- og geitekontrollen 2022. Retrieved 5.12.2023 from:  
<https://medlem.tine.no/fag-og-forskning/statistikksamling-for-ku-og-geitekontrollen-for-2022>
- Vestland fylkeskommune. (2022). Handlingsplan for landbruk i Vestland 2022. Retrieved from:  
<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/seksjon-for-naturressursar-landbruk-og-reiseliv/landbruk/handlingsplan-for-landbruk-i-vestland-2022-oppdatert-etter-politisk-vedtak.pdf>
- Welfare Quality®. Assessment Protocol for Cattle. Welfare Quality® Network (2009). Available online at:  
[http://www.welfarequalitynetwork.net/media/1017/cattle\\_protocol\\_without\\_veal\\_calves.pdf](http://www.welfarequalitynetwork.net/media/1017/cattle_protocol_without_veal_calves.pdf)  
(accessed on November 15., 2023).

# Vedlegg 1: Betongkader i landbrukets gjødselkjellere

Alle konstruksjoner, også betongkonstruksjoner, svekkes over tid, og trenger tilsyn, vedlikehold, og reparasjoner. Det eneste vi kan gjøre for å kunne vurdere konstruksjonene er å inspisere kjelleren. Dersom vi planlegger framtidige investeringer i bygningen, eksempelvis ombygging av husdyrrommet til løsdrift for storfe, er det av avgjørende betydning at vi på forhånd har gjort oss kjent med tilstanden til konstruksjonene i kjelleren, og tar kostnadene med reparasjoner med i investeringsbudsjettet.

Gå aldri inn i kjelleren alene uten tilsyn av andre som kan bistå dersom noe skulle gå galt. Er kjelleren grundig tømt, og du får god gjennomtrekk gjennom porter som kan åpnes, kan det være forsvarlig å gå inn, men ikke før du har tatt deg tid til å analysere risikoen med å gjøre det. Tilrådingen er at du bruker det samme utstyret som brannvesenet, med maske og oksygenflaske på ryggen.

Når vegger rundt- og etasjeskiller over gjødselkjellere bryter sammen, har det konsekvenser for liv og helse til dyr og mennesker som befinner seg i bygningen. Det vil også ha miljøkonsekvenser da gjødsel vil renne ukontrollert ut fra gjødsellageret. Reparasjonskostnadene kan bli vesentlige. Slike hendelse kommer uforutsett og uten forvarsel.



Bilde 1: Bruddflate mot gavlvegg som er presset ut. Normalt vil dekket fram til første drager også falle ned samtidig som gavlveggen ryker. Foto: Jon Gisle Vikan

## **1 Hvordan og hvorfor skades betongen i våre gjødselkjellere?**

Fra 1960-tallet og fram til i dag har våre gjødsellagre blitt bygd tette og avrenningsfrie. Husdyrgjødsla ble blautere samtidig som luftskiftet i kjellerne ble mindre enn det var før. Fuktighet og uheldige gasser ble i større grad værende i rommet. Samtidig ble armert betong det dominerende materialet i golv, veggger, dragere og dekker.

Stålarmering begynner å ruste når den kommer i kontakt med luft og fuktighet. Rustangrepene på armeringsjernet svekker konstruksjonenes styrke og levetid. Rust trenger sju ganger mer plass enn rent jern. Når armeringsjern ruster vil betongen rundt jernet sprenges vekk. Det starter med at det oppstår riss i betongen. Etter hvert sprenges den av slik at armeringsjernet blir blottlagt.

Det er flere typer prosesser som kan føre til at det skjer, og de viktigste er;

**Karbonatisering** er en kjemisk prosess som oppstår når karbodioksyd og vann trenger inn i betongen. Ny betong er alkalisk og beskytter all armering mot å kunne korrodere. Etter hvert trenger karbodioksyd inn i betongens poresystem og reagerer med alkaliske bestanddeler i cementen. Betongen blir dermed stadig mindre alkalisk. Armeringsjernet mister til slutt sin elektroniske passivitet og det vil begynne å ruste. Fenotalein er et stoff som sprøytes på betongen med helt vanlig spruteflaske. Stoffet farger betong som er tilstrekkelig alkalisk til at den beskytter jernet mot rustangrep med en sterk blåfarge. Dersom betongen er karbonatisert og ikke lenger kan beskytte jernet vil vi ikke få fargeutslag når vi sprøyter på stoffet.

**Kloridinnntrengning** skjer på grunn av kloridinnholdet i urin og gjødsel. Skadene oppstår raskest i områder der betongen blir eksponert for urin og gjødsel direkte fra dyrrene. De delene av dragerne som ligger under gjøselrister eller spalteplanker er mest utsatt. Det samme gjelder oppleggsflatene for gjøselrister, spesielt de som er bak båsene. Det kan i tillegg finnes klorider i selve betongen eller i tilsetningsstoffer som er blitt brukt for å oppnå raskere herdingsprosess etter utstøping. Kloridinntregning gir et raskere skadeforløp enn karbonatisering.

**Syreangrep** oppstår raskere i kjellere med dårlig luftskifte og høy temperatur, typisk i kjellere under grisehus der det er gasstette etasjeskiller mot husdyrrommene. Hydrogensulfid og ammoniakk fra gjødsla reagerer med romlufta og danner syrer, svovelsyre og salpetersyre, som begynner å løse opp betongoverflaten. Lagring av pressaft fra surforsiloer i kjelleren bidrar til økning av syreangrepene.

Skader på betongen oppstår hyppigst på konstruksjoner som befinner seg over normal fyllingshøyde av gjødsel i kjelleren. Kjellergolv, samt nederste deler av veggger og soyler, ligger helt eller delvis under gjøseloverflata. Eksponeringen mot romlufta blir dermed mindre, noe som har en beskyttende effekt.

Dårlig utlufting i kjelleren, porøs betong og liten betongoverdekning – som er liten avstand mellom ytterkanten av konstruksjonen og armeringsjernet – framskynder alle utviklingen av betongskadene.

## **2 Hvor i kjelleren finner vi flest skader, og hva skyldes det?**

Når veggger rundt- og etasjeskiller over gjødselkjellere bryter sammen, har det konsekvenser for liv og helse til dyr og mennesker som befinner seg i bygningen. Det vil også ha miljøkonsekvenser da gjødsel vil renne ukontrollert ut fra gjødsellageret.

Reparasjonskostnadene kan bli vesentlige. Slike hendelse kommer uforutsett og uten forvarsel.

Alle konstruksjoner, også betongkonstruksjoner, svekkes over tid, og trenger tilsyn, vedlikehold, og reparasjoner. Eldre gjødselkjellere er bygd i en annen tid og med andre krav til betongkvalitet, armering og utførelse enn de vi har i dag. Det eneste vi kan gjøre for å kunne vurdere konstruksjonene er å inspisere kjelleren. Sørg for å det er godt arbeidslys i kjelleren under inspeksjonen. Bruk hodelykter og lyskastere på stativer.

Nedenfor er det listet opp konstruksjoner og områder vi bør ha spesielt fokus på.

**Bygningsmessig utførelse** har normalt vært mangelfull ved større uhell der veggger og dekker har rast sammen. Feilene har skyldtes at ulike konstruksjonsdeler ikke er godt nok sammenføyd, armeringen ikke er plassert som forutsatt, for svak styrke på betongen, manglende vibrering under støpeprosessen, etc. Manglende vibrering har ført til at betongen stedvis ikke har omsluttet armeringsjernet, og at det har oppstått «steinreir», som er ansamlinger av grovere tilslagsmasser uten at sement og finere partikler fra tilslagsmaterialet har blandet seg tilstrekkelig med de grovere massene.

**Veggger** har de fleste synlige tæringsskadene i området mellom topp gjødselnivå og dekket. Det oppstår også til tider lekkasjer i vertikale riss. Grunnen til at veggger er blitt presset ut skyldes manglende innfesting i bunnen og/eller i toppen, eller at bruksendring av kjelleren fra å lagre tørr gjødsel til å lagre blautgjødsel, har påført veggen langt større belastninger enn beregnet.

**Opplegg for gjødselrister** er konstruksjoner som er spesielt utsatt for å bli skadet, noen ganger så mye at rista har fallt ned. Det er kloridinnrenting som er hovedårsaken til det.

**Dekker** har stor variasjon i skadeomfang. Skadene skyldes liten utskifting av kjellerlufta, porøs og for dårlig betong, eller for liten betongoverdekking av armeringsjernet.

**Dragere** har ofte skader, og skadene er normalt størst i områder der det er drenerende golv av enten gjødselrister eller spaltplanker over dragerne. Skader i andre områdes skyldes ofte unøyaktig plassering av armeringsjern som vil gi for liten betongoverdekning, tilsvarende det vi ser for dekker.

**Søyler** har normalt mindre skader enn dragerne. Skader vil oftest være nær toppen av søylene.

**Betonspalteplank** har ofte skader etter forholdsvis kort tids bruk. Dette er slanke konstruksjoner som blir utsatt for store påkjenninger når dyr beveger seg fritt på arealet der planken ligger. Riss i betongen på plankenes underside blir ofte observert under kjellerinspeksjoner. De har kortere levetid enn resten av konstruksjonene. Skadeforløpet er

